


# **Verdiar i Mørkrisvassdraget, Luster kommune i Sogn og Fjordane**

VVV-rapport 2001-34



Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med  
Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

*Refererast som:*

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001. Verdiar i Mørkrisvassdraget, Luster kommune i Sogn og Fjordane.*

*Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat.*

*VVV-rapport 2001-34. Trondheim*

*47 sider, 5 kart + vedlegg*

*Forsidefoto: Ole Kristian Spikkeland, Mørkriselva ved Mørkrigardene*

*Forsidelayout: Knut Kringstad*

**Verdiar i**

**Mørkrisvassdraget, Luster kommune**

**i Sogn og Fjordane**

**Vassdragsnr.: 075.4Z**  
**Verneobjekt: 075/2**  
**Verneplan III**

**VVV-rapport 2001-34**



<b>Tittel</b>	<b>Dato</b>	<b>Antall sider</b>
<i>Verdiar i Mørkrivassdraget</i>	<i>Kunnskapsstatus 27.07.2001</i>	<i>47 s + 5 kart + vedlegg</i>
<b>Forfatter</b>	<b>Institusjon</b>	<b>Ansvarlig sign</b>
<i>Ole Kristian Spikkeland</i>	<i>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</i>	<i>Jofred Takle</i>
<b>TE-nr.</b>	<b>ISSN-nr.</b>	<b>ISBN-nr.</b>
<i>1000</i>	<i>1501-4851</i>	<i>82-7072-510-2</i>
<b>Vassdragsnavn</b>	<b>Vassdragsnummer</b>	<b>Fylke</b>
<i>Mørkrivassdraget</i>	<i>075.4Z</i>	<i>Sogn og Fjordane</i>
<b>Vernet vassdrag nr</b>	<b>Antall objekter/delområder</b>	<b>Kommuner</b>
<i>075/2</i>	<i>43 (+ 2 kulturmiljø)</i>	<i>Luster (Skjåk)</i>
<b>Antall delområder med Nasjonal verdi (***)</b>	<b>Antall delområder med Regional verdi (**)</b>	<b>Antall delområder med Lokal verdi (*)</b>
<i>3</i>	<i>11</i>	<i>29</i>

## EKSTRAKT

Mørkrivassdraget ligg hovudsakleg i Luster kommune i Sogn og Fjordane. Vassdraget vart vernat mot kraftutbygging i 1986.

*VVV-prosjektet (Verdiar i verna vassdrag)* er initiert av Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Formålet er å kartlegge og synleggjere verneverdiane i verna vassdrag. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, på oppdrag frå DN og NVE, presenterer i denne rapporten dokumentasjon av kjende natur- og kulturfaglege verdiar i og ved Mørkrivassdraget.

Mørkrivassdraget er eit forholdsvis stort vassdrag som spenner over forskjellige naturtypar frå fjord til høgfjell med innslag av brear. Store område er utan tekniske inngrep. Det knyter seg stor naturfagleg interesse til ende- og sidemorenar kring Åsetvatnet. Ved Bolstad ligg eit marint avsett breranddelta som indikerar marin grense. Elles vert nedre del av Mørkrisdalen dekt av ei stor elveslette. Mørkriselva og dei mange sideelvane dannar fleire vakre fossar, stryk og djupe gjel. Skogregionen er spesielt rik og variert og rommar fleire sjeldsynte plante- og fuglearter for Vestlandet. Størst interesse er knytta til Tjørnahalet sentralt i Mørkrisdalen. Mørkriselva er lakseførande ni km. Åsetvatnet byr på godt aurefiske. Nedbørfeltet har store landskapskvalitetar, både i låglandet og i høgfjellet, som utgjer sentrale delar av Breheimen. I dette nasjonalt viktige friluftsområdet ligg to turisthytter og kjende brear som Spørteggbreen og Harbardsbreen. Området har mange og varierte kulturminne. Stølsområda i Bolstaddalen og ved Åsetvatnet er spesielt interessante. Det vert seld fiskekort og jaktkort i nedbørfeltet.

Denne rapporten freistar å strukturare og illustrere dette faglege stoffet på ein måte som m.a. kan nyttast i kommunal forvaltning.

## SUMMARY IN ENGLISH

*The river Mørkrivassdraget is situated in the municipality of Luster in Sogn og Fjordane. In 1986 this watershed was protected against development of future water power plants.*

*The Directorate of Nature Management (DN) and The Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE) have established a project "The values of nature protected areas".*

*The County Governor of Sogn og Fjordane has worked out this report of the natural values of Mørkrivassdraget.*

## 5 STIKKORD PÅ NORSK

*Prosessar og former skapt av is og vatn  
Biologisk mangfold  
Landskapsbilde  
Friluftsliv  
Kulturminne*

## KEYWORDS IN ENGLISH

*Landscapes developed by glaciers and water  
Versatile biological values  
Forms of landscapes  
Open air activities  
Archaeological discoveries and old buildings*



## FØREORD

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er i fellesskap ansvarlege for prosjektet "Verdiar i verna vassdrag" (VVV-prosjektet). Formålet er å gjøre kunnskapen om verdiane lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar verna vassdrag med nærområde. Etter at Stortinget 1. april 1993 vedtok Verneplan IV for vassdrag, er 341 vassdragsobjekt verna mot kraftutbygging. Stortinget har gjentekne gonger presistert at verneverdiane i dei verna vassdraga ikkje må forringast av andre inngrep. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag vart vedteke 10. november 1994. Retningslinjene gir kommunar, fylkeskommunar og statlege myndigheter rammer for si forvaltning.

VVV-prosjektet skildrar verdiar innan prosessar og former skapt av is og vatn, biologisk mangfald, landskapsbilde, friluftsliv og kulturminne/-miljø og skal ut frå eksisterande kunnskap synleggjere dei viktigaste verdiane. I tillegg kan det også finnast andre verdiar som er viktige for vernet. I prosjektet vert det laga vassdragsvise rapportar som gir ein oversiktleg presentasjon av viktige område i tekst og på kart. Prosjektleiar for VVV-prosjektet er Elisabet Rosendal. Ansvoaret for utarbeiding av den enkelte rapport ligg til fylkesmannen i vedkomande fylke.

Mørkrivassdraget har sidan vedtak i Stortinget 19. juni 1986 vore verna mot vasskraftutbygging. Denne rapporten er utarbeida av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2001. Rapporten presenterer fyldig dokumentasjon av kjende verdiar som finst i og ved Mørkrivassdraget. Arbeidet er utført i samarbeid med Luster kommune. Arbeidet med rapporten er utført av cand. real Ole Kristian Spikkeland i firma *Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser*. Kontaktperson ved fylkesmannen si miljøvernnavdeling har vore seksjonsleiar Jofred Takle. Konsulentfirmaet BioTjenester ved June Breistein har vore engasjert for å slutføre rapporten til trykking og utlegging på Internett.

Trondheim - Leikanger - Oslo

*Direktoratet for naturforvaltning  
naturbruksavdelingen*

*Ola Skauge,  
avdelingsdirektør*

*Norges vassdrags- og energidirektorat  
vassdragsavdelingen*

*Are Mobæk,  
avdelingsdirektør*

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
miljøvernnavdelinga*

*Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernsjef*



# **INNHOLD**

## **FØREORD SAMANDRAG**

<b>1.0 INNLEIING .....</b>	<b>13</b>
1.1 Generell skildring av Mørkrisvassdraget .....	13
1.2 Hydrologi og vasskvalitet.....	15
1.3 Arealopplysningar .....	16
1.3.1 Inngrepssstatus .....	16
1.3.2 Kommuneplan for Luster.....	17
1.3.3 Verneområde .....	17
1.4 Rapporten sine målsetjingar og begrensningar .....	17
<b>2.0 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN.....</b>	<b>18</b>
2.1 Vassdragselement og dagens prosessar .....	18
2.2 Former og spor etter avslutta prosessar.....	19
2.3 Andre geofaglege element.....	19
2.4 Utvalde delområde og objekt.....	20
<b>3.0 BIOLOGISK MANGFALD.....</b>	<b>21</b>
3.1 Ferskvassbiologi .....	21
3.2 Naturtypar .....	22
3.3 Vilt.....	24
3.4 Raudlisteartar.....	25
3.5 Utvalde delområde og objekt.....	26
<b>4.0 LANDSKAPS BILDE .....</b>	<b>27</b>
4.1 Landskapsregion og sær preg .....	27
4.2 Framtredande landskapselement.....	28
4.3 Utvalde delområde og objekt.....	29
<b>5.0 FRILUFTSLIV.....</b>	<b>30</b>
5.1 Friluftsområde .....	30
5.2 Hytter, stinett, pilgrimsleder.....	31
5.3 Naturturisme .....	31
5.4 Jakt og fiske.....	32
5.5 Utvalde delområde og objekt.....	33

<b>6.0 KULTURMILJØ .....</b>	<b>34</b>
6.1    Vassdragsrelaterte kulturmiljø.....	34
6.2    Verdifulle kulturlandskap .....	34
6.3    Andre kulturminne/-miljø .....	36
6.4    Utvalde delområde og objekt.....	38
<b>7.0 AKTUELLE TRUGSMÅL.....</b>	<b>39</b>
<b>8.0 LITTERATUR .....</b>	<b>40</b>
<b>9.0 KRITERIUM OG VERDISETJING NYTTA I RAPPORTEN.....</b>	<b>43</b>
9.1    Metode.....	43
<b>10.0 KART.....</b>	<b>46</b>

**VEDLEGG**      Registreringsskjema

## SAMANDRAG

Mørkrisvassdraget (vassdragsnr. 075.4Z) ligg hovudsakleg i Luster kommune i Sogn og Fjordane. Berre eit mindre område lengst i nord tilhøyrer Skjåk kommune i Oppland. Vassdraget drenerer ein del av fjellområda sentralt i Breheimen. Mørkrisvassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1986.

Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt spenner over forskjellige naturtypar frå fjord til høgfjell med innslag av brear. Areala under skoggrensa utgjer omlag 20 % av nedbørfeltet. I den sørøreale sona nederst i Mørkrisdalen dominerer gråor blanda med varmekjære treslag som ask, alm, hassel og hengjebjørk. Med aukande høgde over havet tek den mellomboreale, nordboreale og til sist alpine vegetasjonssona over. Gråor dominerer opp til 500-600 m.o.h., medan bjørkeskog dominerer i subalpin sone. Barskog har generelt lita utbreiing i nedbørfeltet. I lågalpin sone dominerer blåbær-blålyngheiar og dvergbjørk. I mellomalpin sone har grasheiar og meir ekstreme snøleiesamfunn arealmessig stor betydning. Store areal i høgfjellet er vegetasjonslause eller dekte av brear. Fjellvegetasjonen er fleire stader prega av tidlegare stølsdrift. Store område i nedbørfeltet er utan tyngre tekniske inngrep.

Det knyter seg stor naturfagleg interesse til ei rad ende- og sidemorenar som ligg kring heile Åsetvatnet. Randmorenen på Fast er særleg markert i form og storleik. Ved Bolstad nederst i Mørkrisdalen indikerer eit marint avsett breranddelta marin grense i området. Elles vert nedre del av Mørkrisdalen dekt av ei fleire kilometer lang elveslette. Både Mørkriselva og dei mange sideelvane dannar fleire vakre fossar, stryk og djupe gjel. Skogregionen er spesielt rik og variert, og rommar fleire sjeldsynte planteartar for Vestlandet. I fosserøyksona ved Drivandefossen er den raudlista levermosearten fossegrimemose funne. Tjørnahalet sentralt i Mørkrisdalen utgjer ein sjeldsynt landskapstype med spesielt rikt plante- og fugleliv. Mørkriselva er lakse- og sjøaureførande ni kilometer, medan Åsetvatnet byr på godt aurefiske. Nedbørfeltet har store landskapskvalitetar, både nede i den frodige Mørkrisdalen og opp i høgfjellet, som utgjer sentrale delar av Breheimen. I dette nasjonalt viktige friluftsområdet ligg to turisthytter og kjende brear som Spørteggbreen og Harbardsbreen. Området byr på god utsikt mot kringliggjande fjell- og brelandskap. Det er mange og varierte kulturminne i området. Frå nyare tid er stølsområda i Bolstaddalen og ved Åsetvatnet spesielt interessante. Det vert seld fiskekort og jaktkort i nedbørfeltet. Denne rapporten freistar å strukturere og illustrere dette faglege stoffet på ein måte som kan nyttast i kommunal forvaltning.

Rapporten omfattar fem hovudgrupper av fagtema:

- |        |  |
|--------|--|
| Kap. 2 | <i>Prosessar og former skapt av is og vatn</i> |
| Kap. 3 | <i>Biologisk mangfold</i>                      |
| Kap. 4 | <i>Landskapsbilde</i>                          |
| Kap. 5 | <i>Friluftsliv</i>                             |
| Kap. 6 | <i>Kulturminne/kulturmiljø</i>                 |

Desse faglege tema vert vurdert etter VVV-faglege kriterium (eigne hovudkriterium og støttekriterium for kvar hovudgruppe), og deretter sortert etter tre verdikategoriar:

*Nasjonal verdi (\*\*\*)*

*Regional verdi (\*\*)*

*Lokal verdi (\*)*

Dei viktigaste naturfaglege verdiane i Mørkrisvassdraget er samansatta i tabellar og vist på kart bakerst i rapporten (opplysningar om kulturfaglege verdiar utanom kulturlandskap er ikkje handsama på denne måten). Eit konsentrat av verdiane vert gjengitt i tabellane nedanfor. Referansenummra i tabellane samsvarar med nummereringa på karta og i teksten for øvrig.

#### Prosesser og former skapt av is og vatn (P)

<b>Nr</b>	<b>Namn delområde</b>	<b>Verneverdi</b>	<b>Temakart nr.</b>
P1	Spørteggbreen	Nasjonal	1
P2	Harbardsbreen	Regional	1
P3	Åsetvatnet	Regional	1
P4	Bolstad-Eide	Regional	1
P5	Skjolden-Mørkri	Lokal	1
P6	Skjolden-Bolstad	Lokal	1
P7	Tussen	Lokal	1
P8	Krekafossen	Lokal	1
P9	Bølifossen	Lokal	1
P10	Dalsete-Liane	Lokal	1
P11	Fossen	Lokal	1

#### Biologisk mangfold (B)

<b>Nr</b>	<b>Namn delområde</b>	<b>Verneverdi</b>	<b>Temakart nr.</b>
B1	Mørkriselva	Regional	2
B2	Tjørnaholet-Mørkrisdalen	Regional	2
B3	Tjørnaholet	Regional	2
B4	Drivandefossen	Lokal	2
B5	Mørkrisdalen	Lokal	2
B6	Hauge	Lokal	2
B7	Rebneslii	Lokal	2
B8	Mørkrisnosi aust	Lokal	2
B9	Nobbi	Lokal	2
B10	Nedre Rausdalen	Lokal	2
B11	Myrasete	Lokal	2
B12	Løndalen aust	Lokal	2
B13	Stilla-Råsane	Lokal	2
B14	Mørkrisdalen vest	Lokal	2
B15	Skurvenosi-Tussen-Rundnosi	Lokal	2
B16	Leirvasskorane	Lokal	2
B17	Løndalsfjellet	Lokal	2

### Landskap (L)\*

Nr	Namn delområde	Verneverdi	Temakart nr.
L1	Spørteggbreen	Nasjonal	3
L2	Harbardsbreen	Regional	3
L3	Krekafossen	Regional	3
L4	Bølifossen	Regional	3
L5	Skjolden-Mørkri	Regional	3
L6	Grånos i	Lokal	3
L7	Skurvenosi	Lokal	3
L8	Råsane-Bolstadnosi	Lokal	3
L9	Dalsete-Liane	Lokal	3
L10	Fossen	Lokal	3
L11	Rausdalen	Lokal	3
L12	Åsetvatnet	Lokal	3

\* (I tillegg vert villmarksprega område og inngrepsfrie naturområde sone 1 og 2, høvesvis >5 km, 3-5 km og 1-3 km fra tyngre tekniske inngrep, vist)

### Friluftsliv (F)

Nr	Namn delområde	Verneverdi	Temakart nr.
F1	Mørkrisdalen-Breheimen	Nasjonal	4
F2	Mørkriselva	Regional	4
F3	Åsetvatnet	Lokal	4

### Kulturminne (K)\*

Nr	Namn delområde	Verneverdi	Temakart nr.
K1	Bolstaddalen	-	5
K2	Åsetvatnet	-	5

\* VVV-prosjektet føretok ikke verdivurdering av kulturminne

Dei faglege vurderingane i rapporten byggjer i stor grad på eksisterande litteratur, opplysningar i Naturbasen, tidlegare granskningar i samband med verneplan III for vassdrag og opplysningar frå Luster kommune. Dei viktigaste skriftlege kjeldene er samanstilt bakerst i rapporten.

## 1.0 INNLEIING

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Direktoratet for naturforvaltning (DN) har i fellesskap starta opp eit prosjekt for å gjere kunnskapen om verna vassdrag lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar vassdragnære område. *VVV-prosjektet ("Verdiar i verna vassdrag")* skal dokumentere og gjere verdiane i dei verna vassdraga meir synlege. Dette skal gjerast gjennom å utarbeide rapportar med kartvedlegg etter ein felles mal. Målet er at alle som planlegg arealbruk eller inngrep i eit verna vassdrag, først skal vite kva verneverdiar som finst der. På denne måten reknar DN og NVE med at skadelege inngrep i større grad vert unngått. I Sogn og Fjordane har fylkesmannen si miljøvernnavdeling ansvaret for å utarbeide vassdragsvise rapportar.

### 1.1 Generell skildring av Mørkrisvassdraget

Mørkrisvassdraget er eit forholdsvis stort vassdrag som ligg mellom Jostedalen og Fortundalen i Indre Sogn. Vassdraget har sine kjelder i Vest-Jotunheimen sine breområde, Breheimen, og munnar ut ved Skjolden inst i Lustrafjorden. Mørkriselva renn frå nord mot sør gjennom Rausdalen og Mørkrisdalen. Vassdraget er eit typisk høgfjellsvassdrag, der 81 % av arealet ligg høgare enn 1 000 m.o.h. Vassdraget har ei nord-sør utstrekning på ca. 28 km og dekkjer til saman 277 km<sup>2</sup>. Med unnatak av eit mindre område lengst i nord, som tilhører Skjåk kommune i Oppland, ligg nedbørfeltet i Luster kommune.

Vassdraget strekkjer seg frå havnivå og opp til høgalpin sone med innslag av fleire brear. Størst er Spørteggbreen i vest, Harbardsbreen i aust og Greinbreen i nord. Den høgste fjelltoppen (2 018 m.o.h.) ligg sørvest for Fortundalsbreen heilt nordaust i nedbørfeltet. I vassdraget sine øvre delar er Rausdalen vid og open. Etter kvart snevrar hovuddalføret seg saman til den eigentlege Mørkrisdalen, som er trang med bratte dalsider. Djupt nede går elva i fossar og ville stryk. Ved Mørkri, ca. fem km før utløpet i fjorden, tek hovudelva opp eit tilløp frå Åsetvatnet i vest. Dette tilløpet, kalla Krekafossen, dannar fleire imponerande fossar, til dømes Drivandefossen. Frå der elvane møtest flatar dalbotnen seg ut, og Mørkriselva renn roleg over ei brei elveslette fram til utløpet i Lustrafjorden.

Det er få tekniske inngrep i nedbørfeltet, og samlege er konsentrerte i dei sørlegaste områda. Det går bygdeveg frå Skjolden til Mørkrisgardane fem-seks km før utløpet i fjorden. Her dominerer kulturlandskapet, og det vert drive eit aktivt jordbruk. I dette området kryssar også ei større kraftlinje vassdraget. Det meste av busetnaden er konsentrert i tettstaden Skjolden.

Nedbørfeltet vert dekka av M711/N50-kartblada 1417 I (Lustrafjorden, utgitt 1996), 1418 II (Mørkrisdalen, utgitt 1997) og 1518 III (Sygnefjell, utgitt 1985).

Mørkrisvassdraget grensar i nord mot eit anna verna vassdrag; *Ostri m/Tundra* (objekt 002/12, Verneplan IV), som hovudsakleg ligg i Skjåk kommune i Oppland.

Nedbørfeltet omfattar høgdegradienten frå fjord til høgfjell, der ein suksessivt passerer den sørboreale, mellomboreale, nordboreale og alpine vegetasjonsona. Den sørboreale sona er berre representert med sin overgangsseksjon, medan dei øvrige sonene er representert både med sine overgangsseksjonar og sine svakt oseaniske seksjonar. Den sørboreale sona omfattar låglandsdelen av vassdraget ca. 8-10 km innover i Mørkrisdalen. Her dominerer gråor blanda med varmekjære treslag som ask, alm, hassel og hengjebjørk. Med aukande høgde over havet tek den mellomboreale, nordboreale og til sist alpine vegetasjonsona over. Gråor dominerer opp til 500-600 m.o.h. Både furu, osp og hengjebjørk er bestandsdannande, men barskog har generelt lite utbreiing i nedbørfeltet. I subalpin sone dominerer ulike utformingar av bjørkeskog. Størstedelen av nedbørfeltet høyrer inn under den alpine vegetasjonsona. I lågalpin sone dominerer ulike utformingar av blåbær-blålyngheiar. Dvergbjørkkratt er vanleg på vestsida av Mørkrisdalen. I mellomalpin sone har grasheiar og meir ekstreme snøleiesamfunn arealmessig stor betydning. I tilknyting til nokon av dei større fjellvatna finst deltaområde med våtmarksvegetasjon. Store areal i fjellet består av blokkmark, bert fjell og brear. Fjellvegetasjonen er fleire stader prega av tidlegare stølsdrift.

Dei sørlege og lågastliggjande delane av Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt tilhøyrer den naturgeografiske region 37e; *Vestlandet sin lauv- og furuskogsregion*, underregion *Sogn og Fjordane sine indre fjordstrøk*. Fjellområda tilhøyrer region 35d: *Fjellregionen i søndre del av fjellkjeden*, underregion *Jotunheimen*.

Klimaet i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt er subkontinentalt med forholdsvis låg årsnedbør. Det finst ingen klimastasjon i nedbørfeltet. I Fortun (27 m.o.h.) ca. tre km sørvest for nedbørfeltet er årsnedbøren 739 mm, med maksimum i oktober (99 mm) og minimum i april (22 mm). Ved Luster Sanatorium (484 m.o.h.) ca. 10 km sørvest for nedbørfeltet er årsnedbøren 1 240 mm, med maksimum i oktober (157 mm) og minimum i april (48 mm). Årsnedbøren vil vere monaleg høgare i fjellområda enn i låglandet nede ved fjorden. I Fortun er årsmiddeltemperaturen 4,4 °C, med juli som varmaste månad (14,2 °C) og januar som kaldaste månad (-5,1 °C). Ved Luster Sanatorium er årsmiddeltemperaturen 3,8 °C, med juli som varmaste månad (12,6 °C) og februar som kaldaste månad (-3,9 °C). Temperaturen vil vere ein del høgare nede ved fjorden og lågare i fjellområda.

Det knyter seg stor naturfagleg interesse til ei rad ende- og sidemorenar som ligg kring heile Åsetvatnet. Randmorenen på Fast er særleg markert i form og storleik. Ved Bolstad nederst i Mørkrisdalen indikerar eit marint avsett breranddelta marin grense i området. Elles vert nedre del av Mørkrisdalen dekt av ei fleire kilometer lang elveslette. Her meanderer Mørkriselva før utløpet i sjøen. Både Mørkriselva og dei mange sideelvane dannar fleire vakre fossar, stryk og djupe gjel. Skogregionen er spesielt rik og variert, og rommar fleire sjeldsynte planteartar for Vestlandet. I fosserøyksona ved Drivandefossen er den raudlista levermosearten fossegrimemose funne. Tjørnahalet sentralt i Mørkrisdalen utgjer ein sjeldsynt landskapstype med spesielt rikt plante- og fugleliv. Mørkriselva er lakse- og sjøaureførande ni kilometer, medan Åsetvatnet byr på godt aurefiske. Nedbørfeltet har store landskapskvalitetar, både nede i den frodige Mørkrisdalen og oppe i høgfjellet, som utgjer sentrale delar av Breheimen. I dette nasjonalt viktige friluftsområdet ligg kjende turisthytter som Arentzbu og Fast. Spørteggbreen, Harbardsbreen og andre brear dekkjer store areal, og området byr på god utsikt mot mellom anna Hurrungane, Jotunheimen og Jostedalsbreen. Det finst mange og varierte kulturminne i området. Frå nyare tid er fleirstølsbruket spesielt interessant, og stølsområda i Bolstaddalen og ved Åsetvatnet inngår blant dei prioriterte kulturlandskapa i Sogn og Fjordane.

Mørkrisvassdraget vart verna mot kraftutbygging gjennom vedtak i Stortinget 19. juni 1986 (Verneplan III). Kontaktutvalet for verneplan for vassdrag uttalar følgjande om Mørkrisvassdraget i den forutgående vurderinga av vernespørsmålet (NOU 1983: 42 *Naturfaglige verdier og vassdragsvern*):

*"Mørkrisvassdraget omfatter alle vegetasjonssoner fra breområder i Breheimen til havnivå i den varmeste delen av indre Sogn. Vassdraget har derfor stor verdi som typevassdrag for Sogn og Fjordanes indre fjordstrøk.*

*For botanikk representerer området meget store faglige verdier. Spesielt er skogregionen variert og rik, med et stort utvalg av biotoper og vegetasjonstyper hvor det også er registrert en rekke arter som er sjeldne på Vestlandet. For geofag, ornitologi og ferskvannsbiologi er de faglige interessene store til moderate. Vassdraget inneholder vesentlig kvaliteter som er vanlige i regionen.*

*Feltet er påvirket av jord- og skogbruksaktiviteter i de nedre deler, men større tekniske inngrep finnes ikke. De øvre delene er upåvirket. Det er et av de minst berørte verneobjektene på Vestlandet. Vassdraget har derfor stor verdi som referansevassdrag.*

*Mørkrisvassdraget plasseres i vernekasse 1.*

Stortinget har gjentekne gonger slått fast at andre inngrep i dei verna vassdraga som kan redusere deira verdi for naturvern, friluftsliv og vitenskap, må søkjast unngått.

I 1994 vart det vedteke Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Retningslinjene føreset at kommunane skal klassifisere og forvalte vassdraget og nærliggjande areal innan eit nærrare definert vassdragsbelte.

## 1.2 Hydrologi og vasskvalitet

Mørkrisvassdraget (075.4Z) sitt nedbørfelt har eit subkontinentalt klima. Mesteparten av nedbørmengda kjem om hausten. Flaum førekjem både i samband med snøsmeltinga om våren og ved store nedbørmengder om hausten. Breane i nedbørfeltet, som til saman dekkjer om lag 33 km<sup>2</sup>, gir tilsvig av smeltevatn gjennom heile sommarhalvåret. Vassføringa vil difor variere sterkt med lufttemperaturen. Middelvassføringa i Mørkriselva er 18 m<sup>3</sup>/s.

Topografisk er Mørkrisvassdraget eit middels langt vestlandsvassdrag med vatn og elveavsnitt i høgfjellet og heilt utan vatn i låglandet. Ca. 80 % av nedbørfeltet ligg over skoggrensa. Hovudløpet vender nord-sør og er i luftlinje ca. 28 km langt. Dei høgstliggjande områda er prega av brear og fjelltoppar opp til over 1 900 m.o.h. Dei største breane er Spørteggbreen i vest, Harbardsbreen i aust og Greinbreen i nord.

Dei to øvste vassdragsgreinene, Greindøla og Rausdøla, kjem frå høvesvis Gluggevardvatnet (1 429 m.o.h.) i nordvest og Isvatnet (1 410 m.o.h.) i nordaust. Elvane møtest i Fremsta Rausdalsvatnet (988 m.o.h.), som ligg i den vide og opne Rausdalen.

Hovudvassdraget får tilløp frå Martedalen i vest før det tapar høgde og snevarar seg saman til den eigentlege Mørkrisdalen, som er trang og har bratte dalsider. Her går Mørkriselva i fossar og ville stryk. Frå aust får vassdraget tilløp frå mellom anna Harbardsbreen. Ved Mørkri, ca. fem km før utløpet i Lustrafjorden, tek hovudelva opp eit tilløp frå Åsetvatnet (839 m.o.h.) og Ofsarvatnet (1 003 m.o.h.) i vest. Dette tilløpet, Krekafossen, dannar fleire imponerande fossar, mellom anna Drivandefossen. Frå der elvane møtest flatar dalbotnen seg ut, og Mørkriselva renn roleg over ei brei elveslette til utløpet ved Skjolden.

Med bakgrunn i varierande berggrunnsgeologi har vassdraget relativt store variasjonar i vasskjemi. Vassdraget er minimalt kulturpåverka. Berre dei heilt nederste delane har busetnad og er påverka av jordbruk. Blant dei store og middels store verna vassdraga på Vestlandet er Mørkriselva av dei mest uberørte, og difor eigna som type- og referansevassdrag.

Det er utført vasskjemiske granskningar i fem vatn og 16 elvestasjonar over skoggrensa og i eitt vatn og seks elvestasjonar under skoggrensa. Leidningsevna varierte frå 4 til 20  $\mu\text{S}/\text{cm}$  og pH frå 5,3 til 6,6. Med unnatak av områda ved Ofsarvatnet og Åsetvatnet, kor kalsiuminnhaldet kjem opp i 2,7 mg Ca/l, er kalsiuminnhaldet under 1 mg Ca/l.

Nedbørfeltet har stor verdi som fjellbeite for sau. Lokalt vil difor beitedyr kunne føre til noko vassforureining.

## 1.3 Arealopplysningar

### 1.3.1 Inngrepssstatus

Store delar av Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt er utan tyngre tekniske inngrep. Pr. 1.1.1998 låg eit større område i sentrale delar av nedbørfeltet innanfor ei sone >5 km frå nærmeste tekniske inngrep ("villmarksprega område"). Sona strekkjer seg sørover i Mørkrisdalen til om lag ved Liane. Nest etter Jostedalsbreen er dette det største villmarksprega området i Sogn og Fjordane i dag. Kring denne sona ligg soner høvesvis 3-5 km og 1-3 km frå nærmeste tekniske inngrep ("inngrepsfrie område sone 1 og sone 2"). Ei større kraftlinje som kryssar nedbørfeltet i aust-vest retning om lag halvannan km sør for Mørkri, har splitta opp dei inngrepsfrie fjellområda på kvar side av Mørkrisdalen. Områda er viste på temakart nr. 3 bak i rapporten. Inngrepsstatus har ikkje endra seg i perioden 1988-98.

Samlege tekniske inngrep er konsentrert i sørlege delar av nedbørfeltet. Med unnatak av den omtala kraftlinja som kryssar nedbørfeltet, er inngrepa knytta til lågareliggjande delar av Mørkrisdalen. Her går det bygdeveg og kraftlinje frå Skjolden og fem-seks km inn til Mørkrisgardane. På denne strekninga er elva fleire stader forbygd. I det ope kulturlandskapet ligg fleire gardar, høvesvis på Mørkri, Bolstad og Hauge. Nede ved fjorden ligg tettstaden Skjolden. Her kryssar Rv55 nedbørfeltet. Om sommaren er vegen open over Sognesjellet i aust. Langs heile Mørkrisdalen og ved Åsetvatnet finst fleire gamle stølsbygningar/fritidshusvære. Det finst også to sjølvbetjente turisthytter i fjellområdet, Fast og Arentzbu. Store delar av nedbørfeltet vert nytta som utmarksbeite for sau.

### **1.3.2 Kommuneplan for Luster**

I gjeldande kommuneplan for Luster for perioden 1991-2002, vedteken 12.02.1991, er mesteparten av Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt avsett som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). Tettstaden Skjolden vert omfatta av ein eigen kommunedelplan, der arealet langs Mørkriselva i hovudsak er avsett som LNF-område. Områda langs dei nedste 500 metrane av elva er avsett som campingplass, friområde, boligområde, kombinert bolig- og forretningsområde, område for råstoffutvinning (grustak) og LNF-område. Resten av strandsona er oppteken av riksveg/fylkesveg.

Nedbørfelta til verna vassdrag er ikkje inntekna på kommuneplanen sin arealdel.

### **1.3.3 Verneområde**

Det finst ingen verneområde innanfor nedbørfeltet, men i St.meld. nr. 62 (1992-93) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder* er det gjort framlegg om eit større landskapsvernombord i Breheimen/Mørkisdalen.

## **1.4 Rapporten sine målsetjingar og begrensningar**

Formålet med denne rapporten er å samanstille og presentere på ein oversiktleg måte eksisterande kunnskap om natur-, kultur-, landskaps- og friluftsfaglege verdiar i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt. Rapporten er skriven med utgangspunkt i ein rettleiar som er utarbeidd av DN og NVE i september 1997.

Datagrunnlaget som denne rapporten byggjer på har vekslande kvalitet, og for fleire av fagområda manglar detaljkunnskap.

*Difor kan det også finnast andre verdiar som har betydning for Mørkrisvassdraget sin verneverdi enn dei som er påpeika i denne rapporten.*

## **2.0 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN**

Dokumentasjonen av berggrunnsgeologiske og kvartærgeologiske tilhøve i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt byggjer på geologiske kart over landsdelen, kvartærgeologisk kart og utgreiingar for Sogn og Fjordane og verneplan III-utgreiingar for Mørkrisvassdraget.

Landformene i nedbørfeltet er typiske for indre delar av Vestlandet; eit djupt og tront hovuddalføre, Mørkisdalen, som skjer seg inn i eit høgfjellsområde. Den nedre delen av Mørkisdalen er breerodert og har eit U-forma tverrprofil og hengande sidedalar. Øvre delen har ei meir elvetilpassa form med eit V-forma tverrprofil. Fjellområda tilhører vesentleg den paleiske landoverflata med opne, vide viddedalar og slake, avrunda fjellhøgder. Dei paleiske landformene er modellerte ved yngre breerosjon. Forutan breeroderte bassengformer er også enkelte dalføre noko prega av breerosjon. Lausmassar dekkjer berre små areal i nedbørfeltet. Dei største avsetningane ligg i nedre delar av Mørkisdalen og kring Åsetvatnet. Nedbørfeltet inneheld dei vanlege typane avsetningar ein finn i indre delar av Vestlandet.

Dei geofaglege interessene vert samla vurdert som store til moderate. Vassdraget inneheld vesentleg kvalitetar som er vanlege i regionen. Vassdraget har difor stor verdi som typevassdrag for Sogn og Fjordane sine indre fjordstrok. Det er eitt av dei minst berørte verneobjekta på Vestlandet. Vassdraget har difor også stor verdi som referansevassdrag.

### **2.1 Vassdragselement og dagens prosessar**

Store elveavsetningar fyller botnen av Mørkisdalen frå Skjolden til Mørkri og dannar ei fleire kilometer lang elveslette. Høgare opp i dalføret finst større elveavsetningar i Bolstaddalen, ved Dulsete, Dalen, Heimsta Rausdalsvatnet og i eit område nord for Rausdalsete i Rausdalen. Det finst også elveavsett materiale ved fleire av innløpa til Ofsarvatnet sørvest i nedbørfeltet. Enkelte deltaområde er overdekt av myr, t.d. hovudinnløpet til Åsetvatnet.

Mørkriselva si viktigaste materialkjelde er dei kvartære avsetningene, kor det somme stader er stor erosjon. Dette materialet vert avsett ved innløpet til fleire av bassenga i nedbørsfeltet. Botntransportert materiale dominerer. Dette vert avsett i vifteform, og elveløpet vidare nedover meandrerer på elvesletta. Ved innløpet til fleire av vatna vert det bygd opp delta, likeså ved elva sitt utløp i Lustrafjorden. Dei siste par kilometrane før utløpet ved Skjolden har Mørkriselva grave ut store meanderbogar.

I midtre delar av Mørkisdalen renn Mørkriselva ganske stri og har fleire stader erodert djupe canyonar. Både Mørkriselva og dei mange sideelvane dannar fleire markerte fossefall. Sør for Knivabakkli dannar Mørkriselva den vakre Bølfossen. Elva dannar også fleire fossefall på strekninga Dalsete-Liane og i området ved Fossen, der Nobbelvi kjem inn frå nordaust.

Sidedalane til Mørkrisdalen er hengande i høve til hovuddalføret. Difor har sideelvane bratte fall ned mot hovudelva og dannar her fleire fossar, stryk og djupe gjel. Mest framtredande er elva frå Åsetvatnet og Ofsarvatnet, som renn saman med Mørkriselva like nedanfor Mørkri. Heile det bratte partiet ned mot dalbotnen vert kalla Krekafossen, og omfattar mellom anna Drivandefossen som er godt synleg frå dalbotnen.

Spreidd i mellomhøge delar av nedbørfeltet finst forvitningsmateriale, bl.a. i eit større område på fjellryggen sørover frå Skurvenosi, som ligg mellom Mørkrisdalen og Åsetvatnet. I høgareliggjande område finst stadvis blokkhav. Førekomsten er størst på Løndalsfjellet aust for Rausdalen. Skredmateriale finst under dei fleste bratte fjella i nedbørfeltet. Konsentrasjonen er spesielt høg på kvar side av Mørkrisdalen mellom Mørkri og Dulsete. Også i høgfjellet finst mykje skredmateriale.

Brear dekkjer store delar av høgfjellsområda i nedbørfeltet, anslagsvis om lag  $33 \text{ km}^2$ . Dei to største breane er Spørteggbrean vest i nedbørfeltet og Harbardsbrean i nordaust. Lengst i nord er Greinbrean størst. Mørkriselva har moderat tilførsle av sediment frå breområda.

## **2.2 Former og spor etter avslutta prosessar**

Morenemateriale dekkjer store delar av nedbørfeltet. Mektigheita er størst i eit område som strekkjer seg frå Ofsarvatnet mot Åsetvatnet og vidare nordaustover mot Mørkrisdalen. Ei rekke meir eller mindre markerte brerandavsetningar framstår i dag som framtredande landskapelement. Kring heile Åsetvatnet ligg ei rad ende- og sidemorenar som dannar store og klare former. Randmorenen på Fast vest for vatnet skil seg ut i form og storlek. Han er opp til 10-12 meter høg, spiss og kan følgjast i ei stor bogeforma tunge tvers over dalbotnen. Dette området har høgst verneprioritet. DNT-hytta på Fast ligg på den nordlege flanken av morenen. To stader har elva i postglacial tid skore seg gjennom moreneryggen.

Det ligg også eit marint avsett breranddelta som Mørkriselva har skore seg gjennom ved Bolstad nederst i Mørkrisdalen. Avsetninga korresponderer med ei tilsvarende avsetning ved Eide nederst i Fortundalen. Dei høgste terrasseflatene ligg om lag 100 m.o.h. og er i dag utnytta til bolig- og jordbruksformål. Marin grense i området ligg truleg kring 105 m.o.h.

## **2.3 Andre geofaglege element**

Vassdraget ligg opp mot dei kaledonske skyvedekka og har ei variert samansetjing av bergartar. Berggrunnen kan inndelast i to hovudeiningar; grunnfjell og kambrosiluriske sedimentære bergartar. Grunnfjellet førekjem i to område. Nord for Spørtegggreen-Løndalen optrer granitt og granittisk gneis. Langs midtre og nedre del av Mørkrisdalen finst ulike typar gneis, forutan noko grønskifar og gabbro. Mellom desse grunnfjellsområda ligg kambrosiluriske sedimentære bergartar, vesentleg fyllitt, men også noko kvartsitt. Inne i desse yngre bergartane førekjem soner med falda og forkasta grunnfjellsbergartar. Her finn ein gneissar, skiferbergartar, mylonitt og gabbro.

På vestsida av fjelltoppen Tussen på fjellryggen mellom Mørkrisdalen og Fortundalen ligg to 800 meter lange forkastningssoner i nordaustleg retning. Det 20-100 meter breie området mellom forkastningssonene har sokke inn opptil 30 meter og danna ein graben. Store postglasiale forkastningar er sjeldsynte på Vestlandet og elles i Norge.

Det finst lite myr i nedbørfeltet. Mesteparten ligg over skoggrensa. Dei største myrområda ligg vest for Åsetvatnet og kring innløpet til Heimsta Rausdalsvatnet i Rausdalen.

## **2.4 Utvalde delområde og objekt**

Tabellen nedanfor viser geologiske/kvartærgeologiske delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle interesser til. Løpenummeret samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 1 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
P1	Spørteggbreen	Bre	1	Nasjonal
P2	Harbardsbreen	Bre	1	Regional
P3	Åsetvatnet	Ende- og sidemorenar	1	Regional
P4	Bolstad-Eide	Glasifluvial randavsetning	1	Regional
P5	Skjolden-Mørkri	Elveslette	1	Lokal
P6	Skjolden-Bolstad	Meanderbuer	1	Lokal
P7	Tussen	Forkastningssone (graben)	1	Lokal
P8	Krekafossen	Fleire fossefall	1	Lokal
P9	Bølifossen	Fossefall	1	Lokal
P10	Dalsete-Liane	Fleire fossefall	1	Lokal
P11	Fossen	Fleire fossefall	1	Lokal

## **3.0 BIOLOGISK MANGFALD**

Kunnskapen om biologisk mangfald i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt er henta frå Naturbasen, frå Luster kommune, frå ulike kartverk, publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogn og Fjordane eller regionen og frå verneplan III-utgreiingar for Mørkrisvassdraget.

Mørkrisvassdraget omfattar alle vegetasjonssoner frå breområde i Breheimen til havnivå i den varmaste delen av indre Sogn. Vassdraget har difor stor verdi som typevassdrag for Sogn og Fjordane sine indre fjordstrok. For botanikk representerer området svært store faglege verdiar. Spesielt er skogregionen variert og rik, med eit stort utval av biotopar og vegetasjonstypar der det også er registrert ei rekke artar som er sjeldsynte på Vestlandet. For ornitologi og ferskvassbiologi er dei faglege interessene store til moderate. Vassdraget inneheld vesentleg kvalitetar som er vanlege i regionen.

Nedbørfeltet er påverka av jord- og skogbruksaktivitetar i dei nedre delane. Med unnatak av ei kraftlinje som kryssar nedbørfeltet noko sør for Mørkri, finst det ikkje større tekniske inngrep utanfor dei bebygde områda. Mørkrisvassdraget er eit av dei minst berørte verneobjekta på Vestlandet. Vassdraget har difor stor verdi som referansevassdrag.

### **3.1 *Ferskvassbiologi***

Topografisk er Mørkriselva eit middels langt vestlandsvassdrag med vatn og elveavsnitt i høgfjellet og utan vatn i låglandet. Fleire store brear ligg innanfor nedslagsfeltet og berører delar av vassdraget. Dei største vatna er Åsetvatnet (839 m.o.h.), Ofsarvatnet (1 003 m.o.h.) og Isvatnet (1 410 m.o.h.). Vasskvaliteten i området er god, men ulikskap i berggrunnen gir noko ulikskap i vasskvalitet. Vassprøver tekne i fem vatn og 16 elvestasjonar over skoggrensa og eitt vatn og seks elvestasjonar under skoggrensa, viser at leidningsevna varierte frå 4 til 20  $\mu\text{S}/\text{cm}$  og pH frå 5,3 til 6,6. Med unnatak av områda ved Ofsarvatnet og Åsetvatnet, kor kalsiuminnhaldet kom opp i 2,7 mg Ca/l, var kalsiuminnhaldet under 1 mg Ca/l.

Av planktoniske krepsdyr vart det berre registrert to artar hoppekreps og tre artar vannlopper. Tettleiken av planktonkreps er berekna til ca. 45 000 individ pr.  $\text{m}^2$ .

I vatna vart det funne 17 grupper botndyr. Fjærmygg dominerte føre fåbørstemark og midd, men i Åsetvatnet var døgnfluger nest vanlegaste gruppe. Individtalet varierte frå 110 til ca. 2 000, med ein middelverdi på 640 individ pr. prøve. Kvantitative prøver frå tre vatn viste i middel 5 200 individ pr.  $\text{m}^2$ , med ein total biomasse på 4,3 g pr.  $\text{m}^2$ . Verdiane er relativt høge for så høgtliggjande vatn, men vert i stor grad trekte opp av dei høge verdiane for Åsetvatnet.

I rennande vatn vart det registrert 14 dyregrupper. Også her dominerte fjærmygg, medan knott, steinfluger og døgnfluger var vanlege. Individtala varierte frå 290 til 3 600, med ein middelverdi på 1 200.

Dette er blant dei høgste som er funne i vassdraget på Vestlandet som vart undersøkte i samband med verneplan III. Dei kvantitative prøvene frå to stasjonar viste ein middelverdi på 1 040 individ pr. m<sup>2</sup>. Dette er svært låge tal, som til ein viss grad kan skuldast relativt låg pH og lågt ioneinnhald, og store flaumar og manglende vassvegetasjon, særleg på dei to stasjonane for kvantitative prøver.

Totalt vart det i vassdraget registrert sju artar døgnfluger, 16 artar steinfluger og ni artar vårfluger. Talet på artar vert karakterisert som middels høgt.

Aure er einaste innlandsfiskeart i nedbørfeltet og er utbreidd i dei fleste elvar og vatn. Åsetvatnet er eit svært godt fiskevatn med høg produksjon av fisk med utmerka kvalitet. Ofsvatnet er ikkje undersøkt, men skal visstnok ha ein tilsvarende bestand som Åsetvatnet.

Mørkriselva er lakse- og sjøaureførande ca. ni km opp frå fjorden. Produksjonspotensialet er truleg høgt, trass i låg vasstemperatur. Vassdraget har tidlegare hatt god avkastning av laks og sjøaure, men det har vore registrert ein nedgang dei siste åra. Det har tidlegare vore drive klekkeri i vassdraget, og gjennom mange år er det fanga stamfisk og sett ut lakseyngel. Laksen i Mørkriselva er for tida freda. Granskingar i 2000 viste at det var middels gode gytebestandar av laks i elva, samanlikna med registreringane etter 1987. Tilhøva er betre for sjøaure. I perioden 1998-2000 vart det årleg fanga høvesvis 511, 291 og 450 kg av denne arten.

Indre Sogn er sterkt påverka av vasskraftutbygging. Mørkrisvassdraget munnar ut like ved det sterkt regulerte Fortunvassdraget. Det finst i dag ingen uregulerte lakse- og sjøaureelvar i nærleiken av Mørkrisvassdraget. Vassdraget har såleis stor verdi som referanseområde for fisk.

### **3.2 Naturtypar**

Mørkrisvassdraget omfattar alle vegetasjonssoner frå breområde i Breheimen til havnivå i den varmaste delen av indre Sogn. Vassdraget har difor stor verdi som typevassdrag for Sogn og Fjordane sine indre fjordstrok. For botanikk representerer området svært store faglege verdiar. Spesielt er skogregionen variert og rik, med eit stort utval av biotopar og vegetasjonstypar der det også er registrert ei rekke artar som er sjeldsynte på Vestlandet.

Vegetasjonssoneringa spenner frå varmekjære skogstypar og tørrbakkar i låglandet til bredekte fjelltoppar. Alle vegetasjonssoner er godt representerte. Hovudtrekka i flora og vegetasjon indikerar ein kontinental klimapåverknad. Mørkrisdalen og kringliggjande fjellområde har innslag av kulturlandskap som delvis er på veg tilbake til naturlandskap. I dei nedre delane vert det drive aktivt jordbruk, medan stølane i høgareliggjande område vert lite nytta i dag.

Den rike og varierte skogsona utgjer om lag 20 % av nedbørfeltet sitt areal. Skoggrensa er fleire stader senka ved beiting og hogst og ligg i dag mellom 850 og 1 000 m.o.h. Gråor dominerer opp til 500-600 m.o.h. og er i dei lågareliggjande delane blanda med varmekjære treslag som ask, alm og hassel. Også furu, osp og hengjebjørk er bestandsdannande. Barskog har generelt litra utbreiing i nedbørfeltet.

I subalpin sone dominerer ulike utformingar av bjørkeskog. Økologisk viser skogtypane stor spennvidde når det gjeld gradientane rik-fattig, tørr-fuktig og låglandsskog-subalpin skog.

Naturleg open vegetasjon under skoggrensa dekkjer små areal, men i låglandet opptrer artsrike tørrbakkar, og i skred- og rasmarker finst frodige og artsrike høgstaudesamfunn. Tjørnaholet sentralt i Mørkrisdalen utgjer ein sjeldsynt landskapstype både i lands- og landsdelssamanheng. Tjørnaholet ligg godt skjerma, og innanfor små areal finn ein representantar for svært ulike element i norsk flora. Høgfjellsartar som høgfjellskarse og tuvesildre har her følgt elvane ned frå fjellet og står side om side med dei sterkt austlege ”huldreartane” huldregras og skogsøtgras, og vestlege artar som skogkarse, skogsål, junkerbregne og myske.

Myrar finst spreidd i subalpin og alpin sone. Både nedbørsmyrar og rikmyrar er representert.

Fjellvegetasjonen er relativt rik og variert, men kalkkrevjande vegetasjonstypar har lita utbreiing. I lågalpin sone dominerer ulike utformingar av blåbær-blålyngheiar. Dvergbjørkkratt er vanleg på vestsida av dalen. Høgstaudedeenger og vierkratt førekjem spreidd, men dekkjer små areal. I mellomalpin sone har grasheiar og meir ekstreme snøleiesamfunn arealmessig stor betydning. Desse er for det meste dominert av lite kravfulle artar. Fjellvegetasjonen er fleire stader prega av tidlegare stølsdrift.

Vass- og vasskantvegetasjonen er sparsamt utvikla i nedbørfeltet og omfattar berre 11 artar. Viktige er likevel mindre bestand med sumpvegetasjon i tilknyting til eldre elveløp, og deltaområde med våtmarksvegetasjon ved Ofsarvatnet, Åsetvatnet og Heimsta Rausdalsvatn. I fosserøyksona ved Drivandefossen er den raudlista levermosearten fossegrimemose funne.

Det er i alt registrert 455 artar karplanter, noko som er eit tal over middels for vassdrag i indre fjordstrok på Vestlandet. Kystplanter opptrer sparsamt, men på høgare nivå er det registrert åtte suboceaniske artar. Eit relativt høgt antal varmekjære sørlege artar er registrert i dei nedre delane av Mørkrisdalen. 18 artar har ei sørvestleg utbreiing, mellom dei svartor, skogfaks og vårmarihand. 29 artar har ei søraustleg utbreiing, t.d. piggstorr, prikkperikum, vårerterknapp, bakkemynte og vanleg tjæreblom. Det austlege og nordaustlege elementet er godt representert med 27 artar, mellom anna eit sterkt innslag av tyrihjelm og fjellfiol. Fjellfloraen er rik og inneholder 98 artar. Blant desse finst både kalkkrevjande, kontinentale og bisentriske planter. Som heilheit er området plantogeografisk interessant, med ei rekke artar som er sjeldsynte på Vestlandet: Fjellmarinøkkel, handmarinøkkel, kalktelg, huldregras, myskemaure, skogsøtgras, stortveblad, agnorstorr, fuglestorr, krattfiol, lapprublom, tysbast, lodneperikum og vårrublom.

Mørkrisvassdraget har stor verdi som typevassdrag for Sogn og Fjordane sine indre fjordstrok. Det inneholder dei fleste botaniske kvalitetar ein kan vente å finne i regionen, i tillegg opptrer naturtypar som er sjeldsynte både i lands- og landsdelssamanheng. Spesielt må framheva områda kring Tjørnaholet sentralt i Mørkrisdalen, ein generelt rik skogsvegetasjon og vegetasjon og flora på fyllittområda.

Frå fjellgarden Skåra i Mørkrisdalen har forskarar ved NLH-Ås henta formeiringsmateriale av den såkalla *Skårabjørka*. Treet har flika blad med utsjånad som lønn.

Vegetasjonen i det verdifulle kulturlandskapet i Bolstaddalen er nærmere omtala i Kap. 6.

### 3.3 *Vilt*

Mørkrisvassdraget omfattar gradienten frå breområde i høgfjellet og ned til havnivå i den indre delen av Sogn. Vassdraget har difor stor verdi som typevassdrag for Sogn og Fjordane sine indre fjordstrok. For ornitologi er dei faglege interessene store til moderate. Vassdraget inneheld vesentleg kvalitetar som er typiske for regionen.

Totalt sett inneheld nedbørfeltet forholdsvis få av dei tradisjonelle viltartane. Bestandane er for det meste middels store. Fjellområda synest å vere fattige på artar. Sjølve Mørkrisdalen og dei nærmaste områda har derimot mange fugleartar. Eit område ved Tjørnahalet særmerkar seg med mykje sporvefuglar, og er truleg det viktigaste viltområdet i nedbørfeltet. Området inneheld ein svært frodig lauvskog med bl.a. gode reirmogleheter for holrugarar.

Hjort opptrer over store delar av nedbørfeltet, men trekkjer ned mot Lustrafjorden vinterstid. Arten har også eit viktig vinterområde sentralt i Mørkrisdalen. Det går trekkvegar i aust-vest retning mellom Mørkrisdalen/Åsetvatnet og Vigdalen, som ligg sørvest for nedbørfeltet. Elg førekjem årvisst i dei øvre delane av nedbørfeltet. Villrein tilhøyrande Sør-Ottadalen villreinområde vitjar iblant områda heilt nord i nedbørfeltet. Fram til 1960-talet var det fast villreinstamme i området, men denne døydde ut i samband med etablering av tamreindrift. På 1990-talet vart 75 villrein sett ut i nedbørfeltet.

Gaupe har stabil førekomst i regionen. Elles førekjem raudrev, mår, mink, røyskatt og hare.

Fjellrype og lirype er begge talrike i fjellområda. Fjellrype opptrer i dei høgareliggjande områda, særleg i fjellområda sør for Harbardsbreen og kring Skurvenosi, Tusen og Rundnosi søraust for Mørkrisdalen. Lirype kjem inn på noko lågare høgdenivå og har gode biotopar i eit område mellom Mørkrisdalen og Åsetvatnet/Ofsarvatnet, i dalsida aust for Mørkrisdalen og i høgareliggjande delar av Mørkrisdalen. Orrfugl er utbreidd fleire stader, men har spesielt gode biotopar aust for Mørkisnosi, ved Rebneslia og kring Nobbi i øvre del av Mørkrisdalen.

Nedbørfeltet inneheld eit stort mangfold av skogsbiotopar, ofte i bratt og vanskeleg tilgjengeleg terren. I desse områda er sporvefuglfaunaen velutvikla og artsrik, til dels førekjem artane også i høge tettleikar. Dette gjeld særleg i skog med innslag av osp. Desse områda er spesielt attraktive for holrugande fugleartar som t.d. spettar og svartkvit flugesnappar. Til saman fire spetteartar er påtrefte; vendehals, gråspett, grønspett og kvitryggspett. Den austlege arten rosenfink er registrert, og hekkar kan hende i vassdraget.

Våtmarksområde er lite utbreidd i nedbørfeltet og førekjem først og fremst i fjellområda. Det er berre registrert tre artar av andefugl; krikkand, siland og laksand. På den andre sida er heile ti vadefuglartar registrerte, eit høgt tal for Vestlandsvassdrag; tjeld, boltit, heilo, vipe, temmincksniipe, fjoreplytt, raudstilk, strandsniipe, rugde og enkeltbekkasin.

Fem rovfuglartar er registrerte i nedbørfeltet; sporvehauk, fjellvåk, kongeørn, tårmfalk og dvergfalk.

Både som typeområde og referanseområde for vilt har nedbørfeltet til Mørkriselva stor verdi. Nedbørfeltet har totalt sett middels verdi som produksjonsområde.

### **3.4 Raudlisteartar**

Enkelte fugle- og pattedyrartar og ein levermoseart som er påtrefte i nedbørfeltet står oppført på den reviderte norske raudlista for truga pattedyr og fuglar (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Vendehals, kvitryggspekk og fossegrimemose står oppført under kategori V på raudlista; *sårbare artar med sterkt tilbakegang, og som kan gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative faktorane får halde fram å verke.*

Kongeørn står oppført under kategori R på raudlista; *sjeldsynte artar som ikkje er direkte truga eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon pga. låge individtal eller spreidd eller sparsam utbreiing.*

Gråspett står oppført under kategori DC på raudlista; *omsynskrevjande artar som ikkje hører til kategori E, V eller R, men som pga. tilbakegang krev spesielle omsyn eller tiltak.*

Gaupe står oppført under kategori DM på raudlista; *omsynskrevjande og fåtalige artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som truga. Bestandsovervaking er ønskjeleg.*

Ein kan ikkje sjå bort frå at også andre raudlista artar opptrer i nedbørfeltet, til dømes jerv (R), dvergspett (DC), piggsvin og ulike flaggermusartar (DM). Sjansen for å påtreffe raudlista artar vil truleg likevel vere størst blant lågareståande plante- og dyregrupper.

Villrein, fjellrype, raudstilk og bergirisk står oppført som norske ansvarsartar i raudlista.

### **3.5 Utvalde delområde og objekt**

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle interesser til med omsyn til biologisk mangfald. Løpenummeret samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 2 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
B1	Mørkriselva	Anadrom fiskestrekning	2	Regional
B2	Tjørnaholet-Mørkrisdalen	Sporvefuglar mv.	2	Regional
B3	Tjørnaholet	Botanikk	2	Regional
B4	Drivandefossen	Fossegrimemose	2	Lokal
B5	Mørkrisdalen	Hjort, vinterbeite	2	Lokal
B6	Hauge	Hjort, vinterbeite	2	Lokal
B7	Rebneslia	Orrfugl, heilårsområde	2	Lokal
B8	Mørkrisnosi aust	Orrfugl, heilårsområde	2	Lokal
B9	Nobbi	Orrfugl	2	Lokal
B10	Nedre Rausdalen	Lirype, heilårsområde	2	Lokal
B11	Myrasete	Lirype, heilårsområde	2	Lokal
B12	Løndalen aust	Lirype, sommar	2	Lokal
B13	Stilla-Råsane	Lirype, haustbeite	2	Lokal
B14	Mørkrisdalen vest	Lirype, haustbeite	2	Lokal
B15	Skurvenosi-Tussen-Rundnosi	Fjellrype, heilårsområde	2	Lokal
B16	Leirvasskorane	Fjellrype, sommar	2	Lokal
B17	Løndalsfjellet	Fjellrype, sommar	2	Lokal

## **4.0 LANDSKAPS BILDE**

Landskap kan i planfagleg samanheng definerast som det samla fysiske miljøet som omgir oss utandørs. I omgrepet inngår naturgrunnlag, biologisk innhald, historisk innhald, symboltyding, identitet og estetiske kvalitetar. Landskapsbildet er totalinntrykket/opplevinga av landskapet som oppfattast med heile sanseapparatet. Her kjem også lydar og lukt inn. I internasjonal samanheng er landskap med eit naturleg og urørt preg ein av dei største opplevingsverdiane eit område kan by på.

Landskapet kan inndelast i ”småskala” og ”storskala” landskap. Her spelar terrengform, naturtilhøve og detaljinnhald inn. Storskala landskap vert kjenneteikna av store, einheitlege landskapsrom med få landskapselement. Småskala landskap skildrar ein mosaikk med mindre og fleire landskapsrom.

Kunnskapen om framtredande landskapselement i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt er henta frå topografiske, geologiske og kvartærgeologiske kart og verneplan III-utgreiingar for Mørkrisvassdraget. Omtalen av landskapsregionar byggjer på den nasjonale inndelinga i landskapsregionar (Elgersma & Sønstebo 1995, Elgersma 1996, Elgersma & Asheim 1998).

### **4.1 *Landskapsregion og særpreg***

I følgje den nasjonale inndelinga i landskapsregionar tilhører dei sørlege, og dei skogdekte, delane av nedbørfeltet region 23: *Indre bygder på Vestlandet* underregion 23.11: *Lustrafjorden*. Resten av nedbørfeltet, dvs. fjellområda som ikkje er eksponert mot fjordlandskapet, ligg innanfor region 16: *Høgfjellet i Sør-Norge* underregion 16.8: *Breheimen*.

Region 23 omfattar det ultimate fjordlandskapet på indre delar av Vestlandet. Landskapsinntrykket er dramatisk, med djupe fjordar og dalar omkransa av snøkledde fjelltoppar. Sognefjorden med sidearmar er ei storform med bratte og høge fjellsider. Fjordsidene har markert linjering etter skyvedekka. Dei fleste skogtypane er representerte, og plantelivet er mangfaldig. I liene på nordsida av fjorden er det edellauvskog nederst og fattig furuskog øvst. Fjordløpet er vekslande både i storleik og form. Elvar og fossar ligg gøynt i små gjel under frodig vegetasjon og gjer lite av seg. Jordbruksmarka er den sterkeste landskapskomponenten. Det levande og fruktbare kulturlandskapet med fruktdyrking, husdyrhald og skogsdrift har lange historiske røter og er verdifullt for opplevingsverdien av landskapet.

Resten av Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt, dvs. fjellområda som ikkje er eksponerte mot fjordlandskapet, tilhører region 16: *Høgfjellet i Sør-Norge*. Regionen omfattar eit fjellandskap med stort relief og stort spenn i landformer. Landskapet vert prega både av nakne berg og av aktive frostprosessar som har gitt opphav til blokkmark og område prega av jordflyt. Raskjegler og jordtunger er difor dei hyppigst førekommende fenomen i regionen. Vatna er botnvatn med karakteristiske morenerygger som ligg kring dei. I tilknyting til botnbreane finst fleire breelvar.

Vassdraga har stort fall, og avrenning skjer dermed hurtig. Regionen har høgalpin vegetasjon. I lågare strok dominerer grashei- og snøleiesamfunn. Høgare opp manglar samanhengande dekke av karplanter. Her finst mosematter i sørkka og lav på verutsette flater.

## 4.2 Framtredande landskapselement

Dei høgstliggende områda i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt er prega av brear og fjelltoppar opp til 1 900-2 000 m.o.h. I dette landskapet dominerer Spørteggbrean i vest og Harbardsbreen i nordaust. Høgfjellsområda høyrer vesentleg til den paleiske overflata med opne, vide dalar og avrunda fjellhøgder. Nord i nedbørfeltet har Greindalen, Tverrbotn og framfor alt den vakre Rausdalen ei vid og open form. Berre sjølve Mørkrisdalen framstår som ei klar nedskjæring i den gamle landoverflata. Dalen har i dag tydelege glasiale trekk. Øvst er han bratt og trong, slik at Mørkriselva dannar fleire vakre fossefall. Dei siste fem-seks km før elva renn ut i Lustrafjorden flatar Mørkrisdalen ut og er dekt av sediment. Ved elvemunningen ved Skjolden finst store meanderbogar, samstundes som Mørkriselva har lagt opp store terrasseflater.

Fleire av sidedalane til Mørkrisdalen er prega av breerosjon. Dalane er hengande i høve til hovuddalsføret, slik at elvane har eit bratt fall ned mot hovudelva og dannar fleire vakre fossar, stryk og djupe gjel. Kombinasjonen av bre- og snødekte høgfjell, frodige dalar/lisider med bekkar og fossefall, og Mørkriselva med kringliggende kulturlandskap i dalbotnen, gir store landskapskontrastar, noko som igjen gir store opplevingsverdiar. Mest framtredande er elva frå Åsetvatnet og Ofsarvatnet, som renn saman med Mørkriselva like nedanfor Mørkri. Heile det bratte partiet ned mot dalbotnen vert kalla Krekafossen. Her ligg mellom anna den kjende Drivandefossen, som er godt synleg frå dalbotnen. Øvst i dalsida passerar stien til Åsetvatnet fjellskrenten som vert kalla Hundkastet.

Noko sør for Knivabakkli dannar Mørkriselva den vakre Bølifossen. Fossen er godt synleg frå turiststien som følger oppover langs Mørkrisdalen. Mørkriselva dannar også vakre fossefall i området mellom Dalsete og Liane og i området som vert kalla Fossen. Her kjem Nobbelvi frå Leirvatnet i nordaust og møter Mørkriselva i to løp.

Grånosi (1 775 m.o.h.) ved Spørteggbrean og Skurvenosi (1 450 m.o.h.) vest for Mørkrisdalen er begge framtredande landskapselement som samstundes byr på god utsikt mot kjende fjellparti som Hurrungane i sør aust, Jotunheimen i aust, Jostedalsbreen i vest og fjordlandskapet i sør. Frå Skurvenosi er det også flott utsikt sørover Mørkrisdalen mot Skjolden. Aust for Mørkrisdalen byr heile strekninga frå Råsane og sørover til Bolstadnosi (Hjerseggensi) på mektig utsikt mot kringliggende fjell- og fjordområde.

Vest for Mørkrisdalen er den største innsjøen i nedbørfeltet, Åsetvatnet (839 m.o.h.), eit framtredande landskapelement.

Nedbørfeltet er samla sett lite berørt av tekniske inngrep.

Kjende landskapsmotiv fra Mørkrisdalen og kringliggende fjellområde er truleg gjengitt på mange fotografi og maleri.

Verdifulle kulturlandskap er omtala i Kap. 6.

#### **4.3 Utvalde delområde og objekt**

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle landskapsinteresser til. Løpenummeret for det enkelte delområde/objekt samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 3 bak i rapporten. På temakartet er også innteikna villmarksprega område og inngrepsfrie naturområde sone 1 og 2 i nedbørfeltet (sonene høvesvis >5 km, 3-5 km og 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep).

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
L1	Spørteggbreen	Bre	3	Nasjonal
L2	Harbardsbreen	Bre	3	Regional
L3	Krekafossen	Fleire fossefall	3	Regional
L4	Bølifossen	Vakkert fossefall	3	Regional
L5	Skjolden-Mørkri	Elveslette	3	Regional
L6	Grånosi	Landemerke og utsiktspunkt	3	Lokal
L7	Skurvenosi	Landemerke og utsiktspunkt	3	Lokal
L8	Råsane-Bolstadnosi	Utsiktspunkt	3	Lokal
L9	Dalsete-Liane	Fleire fossefall	3	Lokal
L10	Fossen	Fleire fossefall	3	Lokal
L11	Rausdalen	Gammalt dalføre	3	Lokal
L12	Åsetvatnet	Innsjø	3	Lokal

## **5.0 FRILUFTSLIV**

Kunnskapen om friluftslivsinteresser i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt er henta frå Naturbasen, frå Luster kommune, frå lokale turistkontor, frå ulike publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogn og Fjordane eller regionen og frå verneplan III-utgreiingar for Mørkrisvassdraget.

### **5.1 *Friluftsområde***

Mørkrisvassdraget sentralt i Breheimen er eit forholdsvis stort vassdrag som inngår i eit nasjonalt og regionalt viktig turterreng. Nedbørfeltet er svært godt eigna til turar sommar og vinter. Den eigentlege Mørkisdalen har likevel vanskeleg tilgjenge om vinteren.

Dei viktigaste aktivitetane i nedbørfeltet er turgåing og fiske, men området eignar seg også godt til jakt og bærplukking. Store delar av nedbørfeltet er upåverka av tekniske inngrep og byr på imponerande landskapskvalitetar frå fjordnivå og opp til høgfjellet med stort innslag av brear. Mørkisdalen er spesiell for friluftsinteresserte med sin vakre natur, sine sjærmerande idyllar, sine dramatiske fossar og sine fine stølar. Store delar av nedbørfeltet byr på mektig utsikt mot Hurrungane i søraust, Jotunheimen i aust, Jostedalsbreen i vest og fjordlandskapet i sør. Området har stor verdi for langturar til fots og på ski. I denne samanhengen har området si tilknyting til Jotunheimen og Breheimen stor betydning. Det er også mogleg å ta dagsturar med utgangspunkt i Mørkisdalen. Området ligg innanfor DNT sitt rutenett i Vest-Jotunheimen, og har fleire merka og umerka stiar. I tillegg ligg dei kjende turisthyttene Arentzbu og Fast innanfor nedbørfeltet. Det finst også fleire privateigde hytter i området. Dei fleste er gamle sel som tilhøyrer, og vert brukt av grunneigarane.

Nedbørfeltet vert brukt av folk lokalt, av folk busette innanfor regionen og av tilreisande frå andre delar av landet, til dels også utlandet. Skjolden ved utløpet av vassdraget er eit viktig knutepunkt for turisttrafikken langs Rv55 mellom Nord-Gudbrandsdalen og Vestlandet. På strekninga Lom-Gaupne har vegen status som nasjonal turistveg.

Tilkomst til nedbørfeltet skjer hovudsakleg via bygdevegen frå Skjolden mot Mørkri. Området kan også nåast frå Vigdalen i sørvest, Jostedalen i vest, Fortundalen i aust og Mysubytdalen i Skjåk i nord.

Det kan kjøpast fiskekort og jaktkort for småviltjakt i nedbørfeltet.

## **5.2 Hytter, stinett, pilgrimsleder**

Heile nedbørfeltet vert dekt av turkart *Breheimen* (1992) i målestokk 1:100 000, medan turkarta *Jotunheimen* (1993) og *Jostedalsbreen* (1995), begge i målestokk 1:100 000, dekkjer høvesvis dei sentrale og dei vestlegaste delane av nedbørfeltet.

Det finst to sjølvbetjente turisthytter og fleire DNT-merka stiar i nedbørfeltet. I Rausdalen sentralt i nedbørfeltet ligg turisthytta Arentzbu med 20 sengeplassar. Vest for Åsetvatnet ligg Fast, som er ei restaurert steinbu med 11 sengeplassar. Turisthyttene er knytta til DNT sitt rutenett i Vest-Jotunheimen gjennom fleire merka og umerka stiar. Det finst også ein del privateigde hytter og sel i nedbørfeltet, særleg kring Åsetvatnet.

Det går bygdeveg frå Skjolden til Mørkrisgardane, som er det viktigaste utgangspunktet for turar i området. Frå Mørkri går det kløvveg og T-merka sti (6 timer) nordover Mørkrisdalen til Arentzbu. Det går også kløvveg og T-merka sti (7 timer) frå Mørkri til Arentzbu over fjellet vest for Mørkrisdalen. Kløvvegen/stien fører opp den bratte dalsida til Osen og Åsete ved Åsetvatnet og følgjer deretter vidare nordover fjellet mot Rausdalen og Arentzbu. Frå Arentzbu går det merka sti (7 timer) austover forbi Leirvatnet og Gravdalen mot Nørstedalssæter turisthytte i Fortundalen. Det går også sti (6 timer) vestover gjennom Martadalen og Fagredalen til Fåberg i Jostedalen og mot nord (6 timer) gjennom Greindalen og Gluggevardholet mot Sprongdalshytta. Langs vestsida av Mørkrisdalen går det merka sti (5 timer) frå Arentzbu og sørover til Fast, og herifrå (5 timer) vidare sørvestover mot Vigdalstøl. Stølsvegen frå Mørkri via den bratte dalsida langs Krekafossen til Fast ved Åsetvatnet tek om lag 3 timer. Kryssing av Spørteggbreen er ein opplevingsrik tur.

Mørkrisdalen har elles ei interessant kulturhistorie knytta til gamle fedselsvegar. Vegane gjekk både innanfor nedbørfeltet og ut av nedbørfeltet, til Jostedalen og vidare til Nordfjord og nordaustover til Skjåk. Frå gardane ved Mørkri går det to kløvvegar til fjellstølane ved Åsetvatnet, for det første den bratte lia opp til Osen, og for det andre vegen inn til sjølve Mørkrisdalen gjennom vårstølområdet i Bolstaddalen. Langs kløvvegane finst ei rekke bruar, og mange stader er det murt opp trappetrinn.

## **5.3 Naturturisme**

Bruken av Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt i reiselivssamanheng er stor i sommarhalvåret. På denne årstida er framkommelegheta i nedbørfeltet best, samstundes er Rv55 over Sognesjellet open for trafikk. Riksvegen, som i dag har status som nasjonal turistveg, kryssar nedbørfeltet ved Skjolden. I tettstaden Skjolden og områda like utanfor nedbørfeltet finst det mange alternativ for overnatting; campingplassar, hytteutleige, vandrarheim, appartement og pensjonat. Gjennom omfattande informasjonstiltak er det lagt til rette for fiske, fotturisme og andre former for friluftslivopplevelingar i området.

Indre Sogn er eit viktig nasjonalt turistområde. I tillegg til utstrekkt bil- og bussturisme, seglar mange cruiseskip på Sognefjorden. Det vert også arrangert lokale fjordcruise på Lustrafjorden og sightseeingturar med småfly i området. Felles for denne turismen er at dei kontrastrike naturskapte kulissane kring Sognefjorden, med djupe fjordarmar med blågrønt vatn, trange dalar med markerte elvestrenger, bratte lisider med fossefall og høge, snø- og bredekte fjelltoppar, utgjer sentrale element i landskapsopplevelinga. Her spelar også Mørkrisvassdraget ei viktig rolle. Sentralt står den frodige Mørkisdalen, med sine vakre fossefall, og dei store breane Spørteggbreen og Harbardsbreen, som ligg på kvar side av hovuddalføret.

Det er utarbeidd sykkkelkart og tilrettelagt for sykkelturisme langs Rv55, som kryssar vassdraget ved Skjolden. Bygdevegen frå Skjolden til Mørkri er godt eigna som sykkelveg.

Nedre del av Mørkriselva er lakse- og sjøaureførande. Her er det også eigna for bading, padling og utøving av andre former for elvesport. I Åsetvatnet og fleire andre vatn kan det fiskast aure. Nedbørfeltet byr også på høve til jakt og sanking av bær og sopp.

## 5.4 Jakt og fiske

Mørkrisvassdraget vert utnytta til storviltjakt, småviltjakt og fiske.

Vassdraget renn frå høgfjell til fjord og inneholder forholdsvis få av dei tradisjonelle viltartane. Viktigaste artar er hjort, rype og orrfugl. Bestandane er for det meste middels store. Medan sjølve Mørkisdalen og dei nærmeste områda inneholder mange fugleartar og er rike viltmessig, ser fjellområda ut til å vere fattige på artar og bestandar. Hjort finst i normal bestand etter Vestlandsforhold, med fleire biotopar. Elg førekjem årvisst i dei øvre delane av nedbørfeltet. Villrein tilhøyrande Sør-Ottadalen villreinområde vitjar nedbørfeltet iblant. Dei seinare åra er det også forsøkt med utsetjing av villrein i området. Fjellrype og lirype er talrike i fjellområda. Samla sett har området middels verdi som produksjonsområde for vilt. Verdien som jaktområde er også middels, då det finst få spesielle kvalitetar som kan framhevest.

Tilkomsten til nedbørfeltet er noko avgrensa. Bilveg fører fem-seks km opp langs Mørkriselva. Det er også mogleg å kome til øvre delar av nedbørfeltet frå Jostedalen i vest eller frå Bråtdalen i Skjåk i nord. Høgareliggjande areal har god jakttilgang. I lågareliggjande område er jakttilgangen noko dårligare. Det vert drive lite jakt innanfor nedbørfeltet, og jegertettleiken er svært låg. Både jaktinnsats og jaktutbytte pr. jeger er middels i regionmålestokk. Allsidigkeit i jaktformer er middels. Det vert drive noko hjortejakt og småviltjakt. Av småvilt vert det felt mest fjellrype, lirype, trast/stare, kråkefuglar, hare, raudrev og orrfugl. I regionsamanheng er prosentandelen jegerar i befolkninga høg. Prosentandelen utanbygdsbuande av alle jegerane er på nivå med gjennomsnittet i regionen.

Høgfjellsområda på kvar side av Mørkisdalføret tilhøyrer Fortun grunneigarlag og Luster Austre statsallmenning. Desse områda er opne for småviltjakt etter rype og hare mot innløysing av jaktkort. Jakt er tillete utan hund frå 10.09. og med hund frå 15.10. Villreinløyve vert tildelt etter søknad.

Mørkriselva er lakse- og sjøaureførande ca. ni km opp frå fjorden. Aure er einaste innlandsfiskeart i nedbørfeltet og er utbreidd i dei fleste elvar og vatn.

Mørkriselva har tidlegare hatt god avkastning av laks og sjøaure, men har hatt nedgang dei siste åra. Produksjonspotensialet er truleg høgt, trass i låg vass temperatur. Vasskvaliteten er god. Laksen i Mørkriselva er mellombels freda, medan sjøaure kan fiskast i perioden 15.07.-15.09. Fisket i elva vert regulert av elveeigarlag. Det har tidlegare vore drive klekkeri i vassdraget, og det er gjennom mange år fanga stamfisk og sett ut lakseyngel. I 2000 var det middels gode gytebestandar av laks i elva, samanlikna med registreringane etter 1987. I perioden 1998-2000 vart det årleg fanga høvesvis 511, 291 og 450 kg sjøaure i Mørkriselva. Det finst i dag ingen uregulerte lakse- og sjøaureelvar i nærleiken av Mørkrisvassdraget.

Åsetvatnet er eit svært godt fiskevatn med høg produksjon av fisk med utmerka kvalitet. Ofsarvatnet er ikkje undersøkt, men skal visstnok ha ein tilsvarende bestand som Åsetvatnet. Varig avkastning i Åsetvatnet vil truleg vere om lag 900 kg pr. år. Vatnet vert sterkt utnytta av bygdefolk, både ved garn- og sportsfiske. Det ligg fleire hytter, sel og naust kring vatnet. Ofsarvatnet vert utnytta i noko mindre grad. Fiske etter aure i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt vert disponert av Skjolden grunneigarlag og Fortun grunneigarlag og Luster Austre statsallmenning. Kjøp av fiskekort gir løyve til å fiske med oter og stang i nær samlede vatn frå det tidspunkt vatna er isfrie. I Åsetvatnet er det også ope for garnfiske, med inntil tre garn i døgnet pr. fiskekort.

## **5.5 Utvalde delområde og objekt**

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle friluftsfaglege interesser til. Løpenummeret for det enkelte delområde/objekt samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 4 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Eigna bruk	Kart nr.	Bruksverdi
F1	Mørkisdalen-Breheimen	Ski- og fotturar, jakt og fiske	4	Nasjonal
F2	Mørkriselva	Anadrom fiskestrekning, padling mv.	4	Regional
F3	Åsetvatnet	Fiskevatn	4	Lokal

## **6.0 KULTURMILJØ**

Kunnskapen om kulturminne og kulturmiljø i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt er framskaffa gjennom verneplan III-utgreiingar for dette vassdraget og gjennom ulike kart, publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Luster kommune eller regionen.

Forekomsten av kulturminne i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt er forholdsvis mangfaldig, spesielt når det gjeld nyare tid. Minna er typiske for visse fjellområde i dei indre fjordar på Vestlandet. Kunnskapspotensiale for førhistorisk tid og middelalderen ligg særleg i det å kunne kaste lys over utnyttinga av jakt- og beiteressursane gjennom lange tidsrom, og å kunne studere tilhøvet mellom busettinga ved fjordbotnen og dei tilgrensande fjellområda. Frå nyare tid er minna frå fleirstølsbruket spesielt interessant. Særleg stor verdi har området kring Åsetvatnet, både når det gjeld dei nyare og dei eldre minna. Høgfjellet er ikkje påverka av moderne teknologi, og kulturminna kan opplevast i eit lite endra natur- og kulturlandskap. Ein del av minna i fjellet er tekne godt vare på. Mange av dei ligg nær merka turiststiar og turisthytter, og må i samband med dette tilleggjast pedagogiske verdiar i tillegg til dei reint opplevelingsmessige. Mange av kulturminna har topografisk tilknyting til elvar og vatn, andre ligg lenger unna, men bidreg likevel til å forklare noko av bakgrunnen for ressursutnyttinga.

Kulturminna knytta til den faste gardsbusettinga er ikkje registrert.

### **6.1 Vassdragsrelaterte kulturmiljø**

Det er registrert få vassdragsrelaterte kulturminne eller kulturminnemiljø i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt. Ved Osen i Åsetvatnet er det registrert hellerar for båtar og naust, som lekk i transporten over Åsetvatnet og fiske i vatnet. Dei fleste er bygde opp av stein.

Langs vegar og kløvvegar er det registrert i alt åtte bruar.

Mange av dei øvrige kulturminna i nedbørfeltet ligg nært knytta til vatn og er verdifulle fordi dei kan opplevast i eit godt bevart natur- og kulturlandskap.

### **6.2 Verdifulle kulturlandskap**

Dei to stølsområda Bolstaddalen (heimestølar/vårstølar) i Mørkrisdalen og Åsetvatnet (fjellstølar/sommarstølar) på fjellet vest for Mørkrisdalen inngår i eit prioritert kulturlandskapsområde som vert kalla *Mørkrisdalen* (Hauge & Austad 1989, Austad et al. 1993). Områda er vald ut fordi dei to stølsområda til saman forklarar den omfattande ressursutnyttinga som stølsaktiviteten representerer i Indre Sogn. Områda utgjer ei funksjonell eining og vert bundne saman ved stølsvegen frå Mørkrisgardane.

Stølsområdet i Bolstaddalen framviser eit variert kulturlandskap med innslag av element både fra gards- og stølsmiljøet. Her er frodige fuktenger, tradisjonelle slåtteenger, slåttelundar, hagemarkstypar og haustingsskogar i tillegg til eit variert innhald av bygningar og tekniske anlegg. Området har tidlegare vore felles slåttemark for gardbrukarane på Bolstad. Etter omfattande utskifting på byrjinga av 1900-talet, vart området delt opp i små teigar, og dei ulike bruka sette opp sel. Bruka fekk på denne måten ein ekstra heimestøl i tillegg til vårstøl og fjellstøl. Bolstaddalen har vore viktig når det gjaldt sinking av fôr. I tillegg til husdyrbeite, har det også vore mange innhegna slåttekvier i dalen. Denne utmarksslåtten heldt fram til etter annan verdskrig, enkelte stader heilt ut i 1960-åra. Det er mange utløer og oppbygde hellerar for lagring av fôr i utmarka. I Bolstaddalen veks edellauvtre, særleg alm. Almeskogen vart først og fremst brukt som risingsskog. Elles vart det hausta mykje lauv av gråor og vanleg bjørk, men også av hengjebjørk og osp. I skogen finst mange varmekjære planteartar som skogfaks, lundgrønaks, kalktelg, hengjepiggfrø og lodneperikum. Stølsmiljøet i Bolstaddalen har meir karakter av gardsstruktur enn av stølssstruktur. Her finst både innmarksareal, hagemarksareal, skog og anna utmark. Mange av dei tidlegare slåtteengene vert no brukt som beite, og artssamansetjinga er endra. Langs Mørkriselva finst mange fuktenger som tidlegare var viktig slåttemark. Her står fleire utløer. Framleis står mange av bygningane i Bolstaddalen, men området er prega av forfall. Det er naudsynt med tiltak særleg på våtmarksengene. Det er viktig at desse vert slått, og at den gamle haustingsskogen framleis vert beita. Dei gamle styvingstrea bør stadvis restaurerast.

Stølsgrendene ved Åsetvatnet kan framvise mjølkeseterbruket med jakt og fiske som viktige bestanddelar av garden sitt heilskaplege naturressursgrunnlag. Åsetvatnet (839 m.o.h.) ligg under den klimatiske skoggrensa, men beiting og hogst har senka tregrensa. Dette har ført til at dei måtte frakte ved over store avstandar, og at torv vart mykje brukt til brensel. Store myrområde vart sameige. Kring Åsetvatnet ligg fleire stølsgrender; Osen ved sørenden av vatnet, Fast ved nordenden og Åset på nordsida av vatnet, om lag midtveis mellom Osen og Fast. Osen og Fast er fjellstølar for Bolstadgardane, medan Åset hører til Mørkrisgardane. Fjellstølane vart i første rekke nytta til beite- og mjølkesetring. Det er ikkje sett opp gjerde eller løer på stølane. Ellers var fjellstølane viktige utgangspunkt for villreinjakt. I området er det eit system av dyregraver og bogastille og fangstbuer og overmatningshellerar. Det var godt fiske i Åsetvatnet. Dei tre stølsgrendene har lange tradisjonar som fjellstølar fram til stølsdrifta tok slutt på 1950-talet. På Osen står 10-12 gamle stølshus, der dei eldste sela er oppførte i stein. Eit stølshus ved Fast skal vere over 400 år gammalt. Kring vatnet finst mange naust. Konsentrasjonen er størst ved Osen. Stølsgrendene ved Åsetvatnet utgjer eit viktig kulturhistorisk referanseområde og er godt eigna til rekreasjon og friluftsliv.

Det knyter seg også kulturlandskapsinteresser til andre stølslandskap i nedbørfeltet og til gamle jordbrukslandskap i Mørkrisdalen. Det finst framleis ein del intakte stølslandskap i nedbørfeltet, men delar av bygningsmassen har forfalle og stølsvollar har delvis grodd igjen. Av kulturspor i landskapet finn ein mellom anna ei rekke tufter, utslåttar, slåtteteigar og styvingar.

Store delar av Mørkrivassdraget sitt nedbørfelt vert i dag utnytta til sauebeite.

### **6.3 Andre kulturminne/-miljø**

Dei fleste kulturminna frå førhistorisk tid og middelalder (fornminne) som er tekne vare på i Mørkrivassdraget sitt nedbørfelt, finst i fjellområda. Registreringar for meir enn 100 år sidan, og arkeologisk funnmateriale, viser at dei fleste minna i låglandet no er borte. Det er først og fremst stølsdrift og villreinjakt som vert avspeglia i fornminna som er tekne vare på.

På garden Bolstad ved utløpet av Mørkriselva er det funne tre øksar frå eldre steinalder laga av diabas. Ved Florø er det påvist eit steinbrot der steinalderfolk har henta dette råstoffet. Øksane viser difor kontakt mellom ytre kyststrok og indre fjordstrok. Kan dette vere spor etter jegergrupper på veg til villreinfangsten i fjellet? Det er ikkje registrert steinalderbuplassar i fjellet innanfor Mørkrivassdraget sitt nedbørfelt, men det er usikkert om denne mangelen er reell, då slike buplassar er påviste i nærliggjande fjellområde. I alle høve kan vassdraget bidra til å forklare steinalderfangstfolket sin bruk av høgfjellet.

Det er først i eldre jernalder det igjen finst sikre spor etter busetting i vassdraget. På gardane Bolstad og Hauge har det tidlegare vore større gravfelt frå jernalder som no, med unnatak av ein gravhaug, er fjerna. Ein del av desse er undersøkt, og dei innehold for storstedelen branngraver frå eldre jernalder. I alt er 18 jernaldergravfunn kjende herifrå. I ein haug vart det funne ein bronsekjele og eit gull hengesmykke frå ca. 400 e.Kr. Fleire bronsekjelar er også funne i nabobygdene. Denne markerte konsentrasjonen av importfunn tydar på at det har vore eit økonomisk sentrum i fjordbotnen i eldre jernalder. Jordbruket har gode høve i Luster, men spørsmålet er om det er dette, utmarksressursane i fjellet, eller ein kombinasjon av desse, som er bakgrunnen for det overskotet dei rike gravfunna fortel om.

I fjellområda i nedbørfeltet er det to stader, i Rausdalen og ved Åsetvatnet, registrert kolgroper som er C<sub>14</sub>-datert til om lag 300 e.Kr. På Åsete støl er det også påvist 15 steinar med til saman om lag 200 uthogde skålgroper. Desse kan vere frå same tid som kolropene. Skålgropsteinar er vanlegvis tolka som kultstader knytta til beiting eller stølsdrift. Ved pollenanalsysar i myrar kring Åsetvatnet er det mogleg å granske om denne tolkninga er riktig, og om det er samsvar i tid mellom kolropene og beiting i området. Fleire av tuftene, og ein av dei registrerte steinbuene, ligg på nedlagde stølar og kan også bidra til å kaste lys over stølsbruket si historie i området. Dei er truleg yngre enn frå jernalderen.

Dei andre tuftene, steinbuene og ein heller i fjellet kan truleg knyttast til fangsten av villrein. Fangstgravene for villrein og bogastillene er i likhet med buplassminna ikkje nærmere datert, men mest sannsynleg skriv fangstminna seg frå yngre steinalder og/eller middelalderen. Dei kan også ha vore i bruk samstundes med dei daterte kolropene. Korleis dei ulike kulturminna skal tolkast, og eventuelt setjast i samanheng, kan berre detaljerte granskingsar avklare. Kan hende kan aktivitetene i fjellet bidra til å forstå busettinga nede ved Skjolden i eldre jernalder.

I nyare tid har bøndene i Skjolden og Mørkri utnytta heile Mørkrisdalen med dei tilliggjande fjellområda ved Heimsta Rausdalsvatn og ved Åsetvatnet over mot Ofsarvatnet. Over alt i området har landskapet spor etter menneskeleg verksemد.

Gardsbusetnaden i sjølve Mørkrisdalen er ikkje registrert, men det er her teke vare på eit interessant kulturlandskap med eldre bygningar, steingjerde, kulturpåverka vegetasjon mv. Landskapet er frodig. Nedre del av dalen er grøfta og dyrka og står som eit typisk døme på kulturlandskap frå jordbrukssekspansjonen i mellomkrigstida.

Granskingar viser at det er utvikla fleirstolssystem med lange og fast innarbeida tradisjonar. Omkring dette er det skapt eit kulturlandskap av stor historisk verdi, som for bygningane sitt vedkomande avspeglar ei utvikling over om lag 400 år. Etter jordskifte i 1907 kom det fleire vårstolar til, slik at gardane frå då av hadde anten éin eller to vårstolar, i tillegg til éin sommarstol i fjellet. Nedlegginga av stølsdrifta skjedde kring 1950-60.

Stølane ligg samla i grender. Dei er lokalisert dels med tanke på å unngå skred, dels for å utnytte hellerar der dyra kunne søkje ly. Enkelte vårstolar har private slåtteteiger, dei fleste forholdsvis nye, elles er stølsvollen felles. I nokre få tilfelle har det vore fjøs i underetasjen. Dei eldste sela er bygde i tørrmurt stein og inneheld som i seinare tid to rom, skot og sel, kanskje har dei opphavleg berre hatt eitt rom. Seinare gjekk ein over til å byggje sjølve selet (boligområdet) i lafta tømmer. Dei vart lafta ferdig i bygda og kløvja og rodd fram til stølen. For å lette transporten, vart materiala laga i små og regelbundne dimensjonar. Den nyaste hustypen er bygd i tre, selet i laft og skotet i bindingsverk. Enkelte sel har ein liten kjellar. I skottet er ein open eldstad utan pipe, som til vanleg er plassert i eit hjørne.

Mørkrisdalen har elles ei interessant kulturhistorie knytta til gamle fedselsvegar. Vegane gjekk både innanfor nedbørfeltet og ut av nedbørfeltet, til Jostedalen og vidare til Nordfjord og nordaustover til Skjåk. Fleire kulturminne vitnar om tunge transportar over lange avstandar i eit vanskeleg terreng. Frå gardane i Mørkrisdalen går det to kløvvegar til fjellstølane ved Åsetvatnet, for det første den bratte vegen opp til Osen, og for det andre vegen inn til sjølve Mørkrisdalen gjennom vårstolområdet i Bolstaddalen. Langs vegen finst ei rekke bruer, og mange stader er det murt opp trappetrinn av stein. Dei mange løypestrengene er nytta til frakt av m.a. høy og ved.

I alt er det registrert om lag 140 faste kulturminne (enkeltminne) i Mørkrisvassdraget sitt nedbørfelt. Av buplassar i fjellet er det registrert ein heller, 10 tufter, sju steinbuer og seks kolgroper med skjørbrent stein frå eldre jernalder. Vidare er det registrert åtte fangstgraver for villrein, tre bogastille og ei mogleg fangstgrav for bjørn. Det er også registrert 15 lokalitetar med skålgropsteinar. I låglandet er det registrert ein heller og ein gravhaug. Av minne knytt til stølsdrift og försanking er det registrert 46 sel (seterstover), kløvvegar og 12 løypestrengar.

## **6.4 Utvalde delområde og objekt**

Tabellen nedanfor viser kulturlandskap som det knyter seg spesielle interesser til i nedbørfeltet. Løpenummeret samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 5 bak i rapporten. Opplysningar om andre kulturfaglege delområde og objekt i nedbørfeltet er ikkje framstilt på denne måten.

Nr	Namn delområde	Kvalitetar	Kart nr.	Verneverdi*
K1	Bolstaddalen	Heimestølar (vårstølar)	5	-
K2	Åsetvatnet	Fjellstølar (sommarstølar)	5	-

\* VVV-prosjektet føretok *inga verdivurdering av kulturlandskap og kulturminne*

## **7.0 AKTUELLE TRUGSMÅL**

Høgfjellsområda i nedbørfeltet og øvre del av Mørkisdalen har vanskeleg tilkomst og er i dag ikkje råka av tyngre tekniske inngrep. Desse områda er truleg lite utsette for trugsmål også i framtida.

Nye terrenгинngrep bør ikkje finne stad i område som medfører at eksisterande inngrepsfrie naturområde vert redusert eller splitta ytterlegare opp. Slike inngrep kan øydeleggje eller ureве leveområde for spesielle plante- og dyreartar. Dei kan også øydeleggje viktige landskapselement, vere negative i høve til friluftslivsinteressene eller vere konfliktfylde i høve til kulturmiljø.

I *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder* (St.meld. nr. 62 1992-93) er det gjort framlegg om eit større landskapsvernområde i Breheimen/Mørkisdalen.

Avgrensing av nedbørfeltet til verna vassdrag bør visast i kommuneplanen sin arealdel.

## 8.0 LITTERATUR

1. Anda, E. og Olsen, T. N. 1982. Mørkrivassdraget. Kvartærgeologisk og geomorfologisk oversikt. *Geol. inst., avd. B, Univ. Bergen, Rapp.* 7, 22 s.
2. Aune, B. 1993. Temperaturnormaler, normalperiode 1961-1990. Det norske meteorologiske institutt. *Rapport nr. 02/93.* 63 s.
3. Austad, I., Hauge, L. & Helle, T. 1993. *Kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Sluttrapport.* SFDH. 54 s.
4. Berthelsen, B. og Huseby, K. 1981. Botaniske undersøkelser i Mørkrivassdraget. *Bot. inst., Univ. Bergen, Rapp.* 16, 130 s.
5. Bogen, J. 1982. Mørkrivassdraget og Feigumvassdraget. Fluvialgeomorfologi. *Kontaktutv. vassdragsreg., Univ. Oslo, Rapp.* 50, 51 s.
6. Borchgrevink, A.-B.Ø. 1972. Etnologisk feltarbeid i Mørkrisdalen, sommeren 1971. Institutt for folkelivsgransking, Universitetet i Oslo. 39 s. + 74 pl.
7. Den Norske Turistforening 2000. *På tur i Breheimen.* Årbok 2000.
8. Direktoratet for naturforvaltning 1997. Naturforvaltning i kommunene – en oppslagsbok. *DN-håndbok 12-1997.*
9. Direktoratet for naturforvaltning 1998. *Inngrepsfrie naturområde i Sogn og Fjordane.* Kart i M=1:250 000.
10. Direktoratet for naturforvaltning 1999a. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. *DN-rapport 1999-3.* 162 s.
11. Direktoratet for naturforvaltning 1999b. Kartlegging av naturtyper – Verdisetting av biologisk mangfold. *DN-håndbok 13-1999.*
12. Direktoratet for naturforvaltning & Norges vassdrags- og energiverk 1997. *Dokumenterte verneverdier i vernedede vassdrag - En veileder for tilrettelegging og vurdering av informasjon.* Foreløpig utgave. 51 s. + vedlegg.
13. Eie, J.A., Faugli, P.E. & Aabel, J. 1996. *Elver og vann – vern av norske vassdrag.* Grøndahl Dreyer og Norges vassdrags- og energiverk. 288 s.
14. Elgersma, A. 1996. *Landskapsregionar i Norge, med underregioninndeling.* Kart i M=1:2 000 000. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS).
15. Elgersma, A. & Sønstebo, G. 1995. Landskapet i Sogn og Fjordane. Delrapport II. *NIJOS rapport 6/95.*

16. Elgersma, A. & Asheim, V. 1998. Landskapsregioner i Norge – landskapsbeskrivelser. *NIJOS-rapport 2/98*. 61 s.
17. Fett, P. 1954. *Førhistoriske minne i Sogn. Luster prestegjeld*. Historisk museum, Universitetet i Bergen.
18. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2000. Utskrifter fra *Naturbasen* (register over verdifulle naturområde, viltområde og friluftsområde i Sogn og Fjordane fylke).
19. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane & Sogn og Fjordane fylkeskommune 1998. *Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane*. 63 s.
20. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane & Sogn og Fjordane Skogeigarlag 1998. *Oversiktskart over fiskekart i Sogn og Fjordane*. Kart i M=1:330 000.
21. Førland, E.J. 1993. Nedbørnormaler, normalperiode 1961-1990. Det norske meteorologiske institutt. *Rapport nr. 39/93*. 63 s.
22. Gustafson, L. 1982. *Kulturminner i Mørkri-vassdraget, Sogn og Fjordane*. Universitetet i Bergen, historisk museum. Arkiveksemplar.
23. Hagelsteen, E. *Registrering i Tunsbergsdalen og ved Mørkrisvassdraget, Luster kommune, Sogn og Fjordane*. De arkeologiske museårs registreringstjeneste. Arkiveksemplar, 24 s.
24. Hassel, K. & Løe, G. 1998. To nye funn av den rødlista levermosen fossegrimemose *Herbertus stramineus*. *Blyttia* 56: 177-183.
25. Hauge, L. & Austad, I. 1989. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster kommune. Rapport 5. *SFDH Skrifter 1989:8*. 98 s.
26. Håland, A. & Ugelvik, M. 1989. Ornitolgiske undersøkelser i Sogn og Fjordane. Status 1989. Zool. mus., Univ. Bergen, *Rapp. Terr. økologi nr. 51*, 50 s.
27. Klakegg, O., Nordahl-Olsen, T., Sønstegaard, E. & Aa, A.R. 1989. *Sogn og Fjordane fylke, kvartærgeologisk kart M=1:250 000*. Norges Geologiske Undersøkelse.
28. Luster kommune 1991. *Kommuneplan for Luster 1991-2002*.
29. Løfaldli, L. og Råd, O. 1982. Fuglefaunaen i Mørkrivassdraget, Luster kommune i Sogn og Fjordane og Skjåk kommune i Oppland. *Zool. Mus., Univ. Bergen, Rapp. Ornitol. 11*, 58 s.
30. Miljøverndepartementet 1994. *Rikspolitiske retningslinjer for vern av vassdrag*.
31. Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
32. Mølmen, Ø. 1977. *Viltbiologiske forundersøkelser i Jotunheimen/Breheimen, Felt 1, 3, 4 og 5. Fangst og jakt på villrein*.

33. Nordiska Ministerrådet 1984. *Naturgeografisk regioninndelning av Norden*. 289 s. + kartvedlegg.
34. NOU 1983: 41. Verneplan for vassdrag III.
35. NOU 1983: 42. Naturfaglige verdier og vassdragsvern.
36. NOU 1983: 43. Kulturminner og vassdragsvern.
37. NOU 1983: 44. Vilt og ferskvannsfisk og vassdragsvern.
38. NOU 1983: 45. Friuftsliv og vassdragsvern.
39. Odland, A. 1991. Klassifisering av vassdrag på Vestlandet ut fra deres floristiske sammensetning. *NINA Forskningsrapport 16*, 88 s.
40. Sigmond, E.M.O., Gustavson, M. & Roberts, D. 1984. *Berggrunnskart over Norge*. M=1:1 000 000. Norges geologiske undersøkelse.
41. Sogn og Fjordane fylkeskommune 2000. *Fylkesdelplan for arealbruk*.
42. Statens kartverk 1992. *Turkart Breheimen*. M=1:100 000.
43. Statens kartverk 1993. *Turkart Jotunheimen*. M=1:100 000.
44. Statens kartverk 1995. *Jostedalsbreen*. M=1:100 000.
45. Statens kartverk 1985/1996/1997. Topografisk kart i N50/M711-serien; kartblada 1518 III (Sygnefjell), 1417 I (Lustrafjorden) og 1418 II (Mørkrisdalen). M=1:50 000.
46. St.meld. nr. 62 (1992-93). *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder*. Miljøverndepartementet.
47. Aa, A.R. & Sønstegaard, E. 1994. Kvartærgeologisk verneverdigheit førekommstar og område i Sogn og Fjordane. *Utredning for DN 1994-9*. Direktoratet for naturforvaltning.

## 9.0 KRITERIUM OG VERDISETJING NYTTA I RAPPORTEN

### 9.1 Metode

For å peike ut dei viktigaste dokumenterte verneverdiane, nyttast kriterium. Det er utarbeidd eit sett av kriterium for kvar av dei fire gruppene av verneverdiar i VVV-prosjektet. Kriteria brukast etter definisjon, slik at ein får anten ”ja” eller ”nei” som svar på spørsmålet om eit område har kvalitetar som oppfyller dei krav som er omtala.

Kriterium som skildrar dei viktigaste verdiane, vert omtala som *hovudkriterium*. Kriterium av sekundær betydning, og som skildrar ein tilleggsverdi, vert omtala som *støttekriterium*.

Tabellen nedanfor viser kva tema og kriterium som er brukt i VVV-prosjektet:

<i>Inndeling av verneverdiar i VVV-prosjektet</i>	<i>Fagområde brukt i Verneplan for vassdrag I-IV, nå inkludert</i>	<i>Hovudkriterier i VVV-prosjektet</i>	<i>Støttekriterier i VVV-prosjektet</i>
<b>Prosessar og former skapt av is og vatn</b>	Geofag Hydrologi Naturvern	H 01 Urørtheit H 02 Historisk dokum. H 03 Mangfold H 04 Typiskheit H 05 Sjeldanheit, eigenverdi	S 01 Sårbarheit S 02 Del av system S 03 Forsknings- og/eller pedagogisk verdi
<b>Biologisk mangfold</b>	Botanikk Ornitologi Ferskvassbiologi Vilt Fisk Naturvern	H 01 Urørtheit H 06 Sårbarheit H 05 Sjeldanheit H 07 Variasjon og mangfold	S 05 Biologisk funksjon S 06 Arealstorleik S 03 Forsknings- og/eller pedagogisk verdi
<b>Landskapsbilde</b>	Friluftsinteresser Geofag	H 08 Heilheit H 09 Inntrykkstyrke H 07 Variasjon H 06 Sårbarheit	S 07 Urørtheit S 08 Sjeldanheit el sær preg S 09 Typiskheit S 10 Historisk dokument
<b>Friluftsliv</b>	Friluftsinteresser Jaktinteresser Geofag	H 01 Urørtheit H 10 Oppleveling H 11 Eignaheit H 12 Dagens bruk	S 11 Tilgjengeleghet S 12 Naturkvalitet S 13 Kulturmiljø
<b>Kulturmiljø</b>	Kulturvern-interesser	H 01 Mangfold H 02 Pedagogisk verdi H 03 Sjeldanheit H 04 Representativitet	S 01 Bruksverdi S 02 Symbolverdi, identitetsverdi

## **Graderingsprinsipper**

Graderinga av eit område sin verdi til *nasjonal*, *regional* eller *lokal* skjer ut frå antal oppfylte hovud- og støttekriterier som vist i oversikten nedanfor. Dersom eit delområde kjennetegnes ved at eit eller fleire av kriteriene kan seies å være oppfylt/tilstede, i følgje definisjon<sup>1</sup>, så vil delområdet også ges en verdi.

### **1. Prosesser og former skapt av is og vatn**

\*\*\* *Nasjonalt viktig verdi*

- a) Minimum eit hovudkriterium med nasjonal/internasjonal kjente verdier,
- b) alternativt minimum tre hovudkriterier

\*\* *Regionalt viktig verdi*

- a) To hovudkriterier + minimum eit støttekriterium

\* *Lokalt viktig verdi*

- a) Minimum eit hovudkriterium

### **2. Biologiske og økologiske verdier**

\*\*\* *Nasjonalt viktig verdi*

- a) Eit eller flere dokumenterte nasjonal/internasjonal verdier, eller
- b) Minimum to hovudkriterier + minimum to støttekriterier

\*\* *Regionalt viktig verdi*

- a) To hovudkriterier

\* *Lokalt viktig verdi*

- a) Minimum eit hovudkriterium

### **3. Landskapsbilde**

\*\*\* *Nasjonalt viktig verdi*

- a) Minimum eit hovudkriterium med nasjonal/internasjonal kjente verdier eller
- b) Minimum to hovudkriterier +minimum to støttekriterier

\*\* *Regionalt viktig verdi*

- a) Minimum to hovudkriterier

\* *Lokalt viktig verdi*

- a) Minimum eit hovudkriterium

---

<sup>1</sup> Definisjon av kriteriene finnes i "Dokumenterte verdier i vernede vassdrag -En veileder for tilrettelegging og vurdering av informasjon" og som finnes hos bland andre fylkesmannens miljøvernavdeling.

**4. Friluftsliv**

\*\*\* *Nasjonalt viktig verdi*

- a) Eit eller flere dokumenterte nasjonale/internasjonale verdier, eller
- b) Minimum to hovudkriterier + minimum eit støttekriterium

\*\* *Regionalt viktig verdi*

- a) To hovudkriterier, eller
- b) Minimum to støttekriterier med regional verdi

\* *Lokalt viktig verdi*

- a) Minimum eit hovudkriterium,
- b) Minimum eit støttekriterium

**5. Kulturminner og miljøer**

I første omgang er det ikkje aktuelt med verdivurdering i VVV-prosjektet, kun registrering.

## 10.0 KART

Tillatelsesnummer LKS82003-O3647

**Kart nr. 1 Prosessar og former skapt av is og vatn (kvartærgеologi)**

Nr	Namn delområde	Grad.	Hovudkriterium				Støttekriterium			
			H01	H02	H04	H05	S01	S02	S03	S04
P1	Spørteggbreen	***	X	X		X	X			
P2	Harbardsbreen	**	X	X			X			
P3	Åsetvatnet	**		X		X		X	X	
P4	Bolstad-Eide	**		X		X		X	X	
P5	Skjolden-Mørkri	*			X				X	
P6	Skjolden-Bolstad	*				X		X	X	
P7	Tussen	*				X			X	
P8	Krekafossen	*				X		X		
P9	Bølifossen	*				X		X		
P10	Dalsete-Liane	*				X		X		
P11	Fossen	*				X		X		

**Kart nr. 2 Biologisk mangfold**

Nr	Namn delområde	Grad.	Hovudkriterium				Støttekriterium			
			H04	H05	H06	H07	S02	S03	S04	S05
B1	Mørkriselva	**		X	X			X		X
B2	Tjørnahalet-Mørkrisdalen	**		X		X		X		X
B3	Tjørnahølet	**		X		X		X		X
B4	Drivande-fossen	*		X				X		
B5	Mørkrisdalen	*			X					X
B6	Hauge	*			X					X
B7	Rebneslii	*			X					X
B8	Mørkrisnosi aust	*			X					X
B9	Nobbi	*			X					X
B10	Nedre Rausdalen	*			X					X
B11	Myrasete	*			X					X
B12	Løndalen aust	*			X					X
B13	Stilla-Råsane	*			X					X
B14	Mørkrisdalen vest	*			X					X
B15	Skurvenosi-Tussen-Rundnosi	*			X					X
B16	Leirvasskorane	*			X					X
B17	Løndalsfjellet	*			X					X

### Kart nr. 3 Landskapsbilde

Nr	Namn delområde	Grad.	Hovudkriterium				Støttekriterium			
			H06	H07	H08	H09	S06	S07	S08	S09
L1	Spørteggbreen	***	X		X	X		X	X	
L2	Harbardsbreen	**	X		X	X		X		
L3	Krekafossen	**			X	X		X	X	
L4	Bølfossen	**			X	X		X	X	
L5	Skjolden-Mørkri	**			X	X				X
L6	Grånos	*			X			X		
L7	Skurvenos	*			X			X		
L8	Råsane-Bolstadnos	*			X					
L9	Dalsete-Liane	*				X			X	
L10	Fossen	*				X			X	
L11	Rausdalen	*			X					X
L12	Åsetvatnet	*			X					X

### Kart nr. 4 Friluftsliv

Nr	Namn delområde	Grad.	Hovudkriterium				Støttekriterium			
			H01	H10	H11	H12	S09	S10	S11	S12
F1	Mørkisdalen-Breheimen	***	X	X		X				X
F2	Mørkriselva	**			X	X			X	
F3	Åsetvatnet	*			X	X				X

### Kart nr. 5 Kulturmiljø\*

Nr	Namn delområde	Type kulturmiljø	Ikkje verdivurdert
K1	Bolstaddalen	Heimestoler (vårstoler)	-
K2	Åsetvatnet	Fjellstoler (sommarstoler)	-

